



Innkalling

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Volda samfunnshus, sal 1. etg.
Dato:	08.12.2020
Tid:	Kl. 13:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicekontoret på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.volda.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
240/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/6967
241/20	Godkjenning av protokoll	20/6967
242/20	Orienteringar	20/6967
152/20	Avtale om tomt Øvre Rotset Næringsområde d.s. 15.07.2019- Retail Eiendom AS	19/13411
153/20	Oppdatering per 12.11.20 - Utviklingsforum Hovden	19/12218
154/20	Orientering formannskapet - KS tapte i Arbeidsretten	19/17251
155/20	Møreforsking - Sluttrapport - Rammevilkår for flyruter frå Florø og Ørsta/Volda	20/5328
243/20	Overføring av kommunal eigedom - gnr 19 bnr 629 og bnr 752	20/6927
244/20	Øvre Rotset Næringsområde- økonomisk avslutning	19/11047
245/20	Reinhald Volda omsorgssenter - auke bemanning	20/6881
246/20	Løvland bustadfelt - økonomisk avslutning	20/2401
247/20	Tilrettelegging for buss ved Ørsta Volda Lufthamn Hovden	20/6742
248/20	Kommunal planstrategi - offentlig høyring	20/3121
249/20	Slutthandsaming: Mindre endring av Detaljregulering for Nordalen B59	19/11201
250/20	Sluttbehandling - Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl.	19/10028

251/20	Plansak for offentlig ettersyn 2. gong - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune	19/10011
252/20	Feie og tilsynsgebyr for 2021	20/6212
253/20	God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023	19/14539
254/20	Busetting av flyktningar i 2021	20/6378
255/20	CrossFit Volda - søknad om tilskot frå kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19	20/5160
256/20	Galleri Bjørk - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19	20/5160
257/20	Retningslinjer for bruken av kraftfondet og næringsfondet.	20/5836
258/20	Bazpoint Volda - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19	20/5160
259/20	Sunnmøre MC service AS - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19	20/5160

Volda, 02.12.2020

Sølvi Dimmen
ordførar



Vår referanse: 20/6967 20/23390

Saksbehandlar: Sonja Håvik

Dato: 02.12.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
240/20	Formannskapet	08.12.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 20/6967 20/23104

Saksbehandlar: Sonja Håvik

Dato: 01.12.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
241/20	Formannskapet	08.12.2020

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet i Volda - 24.11.2020(107462)



Saksnr.	Utval	Møtedato
242/20	Formannskapet	08.12.2020

Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
152/20	Avtale om tomt Øvre Rotset Næringsområde d.s. 15.07.2019- Retail Eiendom AS
153/20	Oppdatering per 12.11.20 - Utviklingsforum Hovden
154/20	Orientering formannskapet - KS tapte i Arbeidsretten
155/20	Møreforsking - Sluttrapport - Rammevilkår for flyruter frå Florø og Ørsta/Volda



Vår referanse: 19/13411 20/23239

Saksbehandlar: Asbjørn Moltudal

Dato: 02.12.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
152/20	Formannskapet	08.12.2020

Avtale om tomt Øvre Rotset Næringsområde d.s. 15.07.2019- Retail Eiendom AS

Vedlegg:

20201201 Formannskapet- Heilskapelighet Øvre Rotset08.12.20



Vår referanse: 19/12218 20/22038

Saksbehandlar: Asbjørn Moltudal

Dato: 13.11.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
153/20	Formannskapet	08.12.2020

Oppdatering per 12.11.20 - Utviklingsforum Hovden



Vår referanse: 19/17251 20/23147

Saksbehandlar: Berit Lyngstad

Dato: 01.12.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
154/20	Formannskapet	08.12.2020

Orientering formannskapet - KS tapte i Arbeidsretten



Vår referanse: 20/5328 20/23392

Saksbehandlar: Asbjørn Moltudal

Dato: 02.12.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
155/20	Formannskapet	08.12.2020

Møreforsking - Sluttrapport - Rammevilkår for flyruter frå Florø og Ørsta/Volda

Vedlegg:

VS Utviklingsforum Hovden



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
243/20	Formannskapet	08.12.2020

Overføring av kommunal eigedom - gnr 19 bnr 629 og bnr 752

Samandrag:

Saka gjeld heimelsoverføring av gnr 19 bnr 629 og bnr 752 som vist på kartskisse 26.11.2020 til selskap under stifting i regi av Volda Utvikling AS.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda formannskap overfører gnr 19 bnr 629 og bnr 752 som vist på kartskisse 26.11.2020 til nytt eigedomsselskap under Volda Utvikling AS.

Ordfører får fullmakt til å gjennomføre prosessen.

Vedlegg:

Kart_26112020_kommunal_eigedom

Saksopplysningar:

Volda Utvikling AS er stifta og oppretta av Volda kommune. Selskapet arbeider aktivt for legge fundamentet for det første utviklingsprosjektet på kommunal eigedom ved høgskulen.

Selskapet sitt formål er å utvikle kommunale eigedomar og ivareta kommunen sine interesser som grunneigar. Selskapet skal legge vekt på sitt særlege samfunnsmessige ansvar og skal i den samanheng ivareta offentlege og utviklingsmessige omsyn gjennom dialog med private og kommune.

Selskapet skal bidra til :

- a. utvikle kommunale eigedomar i Volda for kommunen, med ansvar for planlegging, koordinering og prioriteringar ved utbygging av eigedomar i Volda,
- b. å sikre kommunen sine interesser som grunneigar slik at kommunen tek del i verdiutviklinga for eit område,
- c. å legge til rette for kommunale og/eller eksterne investeringar i utbygging av kommunale eigedomar,
- d. å forhandle med private eller andre offentlege aktørar om felles eigarskap i eigedomar og selskap og inngå avtaler med private og andre offentlige aktørar om utvikling av delområder i Volda,
- e. sjølv eller gjennom investeringar i andre selskap kjøpe, selje, eige, utvikle, drive og forvalte eigedom innan spesifikke område i Volda, der ein og eig slik eigedom eller selskap saman med private eller andre offentlege aktørar,

I K-sak 70/20 den 18.06.2020 har formannskapet fått følgjande fullmakt:

Formannskapet får fullmakt til å overføre kommunale tomter som utviklingsselskapet går inn med i utbyggjarselskap i lag med andre aktørar. Dette vert vurdert som kurant i tilfelle der planlagt utbygging er i samsvar med godkjent reguleringsplan. I prinsipielle saker vert spørsmålet lagt fram for formannskapet i eiga sak.

Vurdering og konklusjon:

Volda Utvikling AS skal bygge opp under Kommunen sine målsetjingar knytt til attraktivitet. I dette ligg det at attraktiviteten til ein stad kan koplast til staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som viktig for utvikling av staden. Eit godt samspel mellom offentlege arbeidsplassar med høg kompetanse og eit innovativt næringsliv vil bidra til at attraktiviteten vert styrka.

Kommunen sitt overordna mål er å legge til rette for tiltak og prosjekt som bidreg til styrke dei sterke sidene som Volda har og samstundes bidra til utvikling av næringslivet. Volda Utvikling AS skal bidra til at begge målsettingane vert nådd.

Det er viktig for kommunen og Volda utvikling AS at prosjektet har god og rask framdrift. Formålet og intensjonen med å realisere kunnskapspark/innovasjonsenter skal vere innfridd på ein god måte.

Kommunedirektøren rår til at egedomane gnr 19 bnr 629 og bnr 752 vert overført til nytt selskap under stifting i regi av Volda Utvikling AS. Overføringa er i tråd med intensjonen som har vore lagt til grunn for etableringa av selskapet.

Den overordna strukturen er at egedomane som skal utviklast i første prosjekt vert lagt inn i eit eige aksjeselskap som vert kapitalisert opp (eigedomsselskap). Dette selskapet skal berre eige bygningsmassen og grunnen den står på.

Volda Utvikling AS vil etablere dette selskapet og legg den første tomte som ein skal utvikle inn som tingsinnskot.

Leigeavtalen som er knytt til Ivar Aasen bygget og som Volda kommune har med høgskulen gjeld til 1.7.2021. Leigeinntekter frå dette bygget vil fortsatt gå til Volda kommune så lenge det står og er utleigd. Ein føreset ein god kommunikasjonen mellom Volda kommune og Volda Utvikling AS knytt til leigeforhold og avtalar.

Ein rår til at formannskapet gir ordførar fullmakt til å skjøte over gnr 19 bnr 629 og bnr 752 som vist på kartskisse 26.11.2020 til det nye eigedomsselskapet som vert etablert under Volda utvikling AS.

Likestillingsmessige sider ved saka: -

Konsekvensar for folkehelsa: -

Miljøkonsekvensar: -

Økonomiske konsekvensar: Kostnader vert dekt av selskapet

Beredskapsmessige konsekvensar: -

Konsekvensar for barn og unge: -

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
244/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Øvre Rotset Næringsområde- økonomisk avslutning

Samandrag:

Prosjekt «Øvre Rotset Næringsområde» vart ferdigstilt og overteke av byggherre (Volda kommune) 20.05.2020. I samsvar med fristar for sluttoppgjer – fakturautsending, fakturagjennomgang og betaling, vart partane etter diverse korrigeringar av fakturagrunnlaget, samde om endeleg sluttoppgjer for prosjektet 15.06.2020.

Sluttrapporten viser hovudlinjene i prosjektet. Målet med rapporten er å gi eit oversiktleg bilete av prosjektgjennomføringa og resultat frå start til mål.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre tek sluttrapport for Øvre Rotset næringsområde til vitande

Vedlegg:
Sluttrapport ØRN 27112020

Saksopplysningar:

Prosjekt «Øvre Rotset Næringsområde» vart ferdigstilt og overteke av byggherre (Volda kommune) 20.05.2020. I samsvar med fristar for sluttoppgjer – fakturausending, fakturagjennomgang og betaling, vart partane etter diverse korrigeringar av fakturagrunnlaget, samde om endeleg sluttoppgjer for prosjektet 15.06.2020.

I etterkant av dette er det gjennomført evaluering av prosjekt, med fokus på økonomi, framdrift, HMS, kvalitet og kommunikasjon. I samband med dette er det utarbeidd ein sluttrapport, som dokumentasjon på korleis prosjektet har gått.

Resultata i prosjektet er samanlikna opp i mot kva mål og forventningar som låg til grunn før oppstart. Vedtaksprotokollen frå kommunestyremøte 28.09.2020 er sentral der løyvingar til prosjekt vart vedteke. Dei økonomiske resultata i dette prosjekt er direkte samanlikna og evaluert opp i mot kalkyle og budsjett utarbeidd i saksframlegg frå dette vedtaket.

Tomteprisen er tidlegare fastsatt i eiga sak.

Vurdering og konklusjon:

Sluttrapporten viser hovudlinjene i prosjektet. Målet med rapporten er å gi eit oversiktleg bilete av prosjektgjennomføringa og resultat frå start til mål.

Kommunedirektøren viser til at ein har fått ferdigstilt sentrale næringstomter som no er klare for sal. Ein rår til at prosjektet vert økonomisk avslutta og at sluttrapport for Øvre Rotset næringsområde vert teken til vitande slik den ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka: -

Konsekvensar for folkehelsa: -

Miljøkonsekvensar:-

Økonomiske konsekvensar: Totalkostnad for prosjektet kom ut vel 1,6 millionar lågare enn løyvd ramme til prosjektet.

Beredskapsmessige konsekvensar: -

Konsekvensar for barn og unge: -

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
245/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Reinhold Volda omsorgssenter - auke bemanning

Samandrag:

Volda kommune har fokus på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år. Reinholdstenesta i Volda kommune tek over eksternt reinhold etter utgått avtale frå 01.01.21. Innsparing for kommunen for dagleg reinhold ved Volda omsorgssenter utgjer Kr. 165.000 ved bruk av eige personell.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre gjev løyve til at det vert oppretta 130 % stilling i sektor for samfunnsutvikling. Stillingsressursen vert plassert i egedomsavdeling ved seksjon reinhold.

Tiltaket vert finansiert ved å flytte ramme på 810 000 kroner frå sektor helse og omsorg til sektor for samfunnsutvikling.

Saksopplysningar:

Volda omsorgssenter har gjennom siste år hatt avtale kring daglig reinhald med ekstern tilbyder, denne avtalen går ut 31.12.2020. I samband med at avtalen vert avslutta er det vurdert ny utlysing, eller internt løyse det daglige reinhaldet ved omsorgssenter. Vurderinga er også gjennomført i samband med økonomi og budsjettprosess for 2021-2024. Volda kommune har stort behov for innsparing, der vi må innstille oss på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år.

I helse og omsorg ser en ei dreining av ressursane, som gjer det naudsynt med driftsreduserande tiltak. I samband med at ekstern avtale vert avslutta ser ein eit innsparingspotensiale på Kr. 165.000 med gjennomføring av daglig reinhald internt i Volda kommune.

Kostnad med teneste, 130%:

Lønsutgifter	760. 000,-
Drift/ reinhaldsutstyr	50.000,-
Samla kostnad	810.000,-

Seksjon reinhald har gått igjennom dagens avtale som ein har hatt med ekstern tilbyder og satt opp forslag til internt reinhald basert på lik frekvens og areal. For at kommunen skal ta over reinhaldet er det ein føresetnad at ein må tilsetje reinhaldsoperatørar tilsvarande 130% stilling.

Ved å gå for internt reinhald på omsorgsenteret ser ein potensiale for stor fleksibilitet kring å dekkje reinhaldsbehov og utvikle kommunen sitt robotprosjekt på reinhald, smittevask mm. Dette gjer at ein kan styrke reinhaldet ved omsorgssentert, også ved kortsiktige og langsiktige behovsendringar.

Vurdering og konklusjon:

Etter samla vurdering i samarbeid mellom Helse og omsorg og eigedom i sektor for Samfunnsutvikling ynskjer ein at reinhaldet skal gjennomførast internt i kommunen og at det i denne samanhengen tilførast 130% stilling til seksjon reinhald. Helse og omsorg overfører Kr. 810.000 frå Helse og omsorg sitt reinhaldsbudsjett, over til seksjon reinhald for dekking av kostnader.

Likestillingsmessige sider ved saka:

I samband med fleire stillingar vil ein så langt som råd sjå om ein kan slå saman mindre stillingar til heile stillingar. Dette er eit arbeid som ein forsøker ved endringar, dette er eit tiltak for god personalpolitikk.

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen spesielle.

Miljøkonsekvensar:

Ingen spesielle.

Økonomiske konsekvensar:

Ved gjennomføring av reinhald i kommunal regi vil kommunen spare Kr. 165.000 pr. år på det daglige reinhaldet ved Volda omsorgssenter.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen spesielle.

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen spesielle.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?
Ikkje vurdert som aktuelt.

Utskrift av endeleg vedtak:

Helse og omsorg v/kommunalsjef
Personalavdeling v/personalsjef
Samfunnsutvikling v/kommunalsjef
Økonomiavdeling v/Kari Mette Sundgot

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
246/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Løvland bustadfelt - økonomisk avslutning

Samandrag:

Prosjekt «Løvland Bustadfelt» vart ferdigstilt og overteke av byggherre (Volda kommune) 02.07.2020 og omfattar tomteareal, tilkomstveg, vegar i feltet, straumtilførsel, veglys, oppgradering av VA-anlegg, masseutskifting m.m

Bustadfeltet har 20 einebustadtomter og 5 tomter til konsentrert utnytting.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre tek sluttrapport for Løvland bustadfelt til vitande og fastset følgjande tomteprisar:

- Einebustadtomter – 750 kroner pr. m2.
- Konsentrerte tomter - 1205 kroner pr. m2.

Vedlegg:

Sluttrapport Løvland 27112020 (L)(108145)

Saksopplysningar:

I etterkant av dette er det gjennomført evaluering av prosjekt, med fokus på økonomi, framdrift, HMS, kvalitet og kommunikasjon. I samband med dette er det utarbeidd ein sluttrapport, som dokumentasjon på korleis prosjektet har gått. Resultata i prosjektet er samanlikna opp i mot kva mål og forventningar som låg til grunn før oppstart.

I berekning av tomteprisar har ein trekt ut kostnader med fortau langs Kirkhornsbakkane og ny gongveg frå Kirkhornsbakkane, mot Grodås, frå reknestykket.

Det har vore utfordrande å trekkje ut kostnadane med fortau og gangveg nøyaktig ut frå anbod og faktura, då kostnader ikkje var delt opp i geografiske områder. Basert på erfaring frå andre prosjekt siste år(a) har ein stipulert kostnadane til fortau og gangveg. For gangveg har ein lagt til grunn ein meterpris på 6500 kroner og for fortau med granittstein ein løpemeter på 8000 kroner.

Med fråtrekk for desse kostnadane skal bustadfeltet og tomtene dekkje ein investeringskostnad på 26.743.418 kroner. Alle summar er eks mva.

Det er lagt til grunn ulik kvadratmeter tomtepris mellom einebustadtomter og konsentrerte tomter. Årsak er at konsentrerte tomter (%BYA=45) har høgare utnyttingsgrad enn einebustadtomtene (%BYA=35). Kommunedirektøren rår til at det vert tatt høgde for dette i prisfastsetjinga. Prisfastsetjinga er fastsatt ut frå prinsippet at alle relevante kostnadar er dekt inn i kvadratmeterprisen.

Dette gjev ein kvadratmeterpris på 750 kroner for einebustadtomter og 1205 kroner for konsentrerte tomter. Den minste tomte (779m²) i feltet vil då vere til salgs for 584.250 kroner og den største (1240m²) vil då vere til salgs for 930.000 kroner.

Samla oversikt budsjett og kostnadar (eks.mva):

Budsjett eks. mva.			
Opprinneleg budsjett frå Hornindal kommune			25 400 000 kr
Opprinneleg budsjett frå Hornindal kommune til Grunnkjøp			3 005 000 kr
Tilleggsøyving frå Volda kommune			7 127 464 kr
Totalfinansiering			35 532 464 kr
Kostnader prosjekt			
Aurstad Tunnell AS			28 324 402 kr
Prosjektering og advokathonorar			223 000 kr
Byggeleing Nordplan (ink. Omprosjektering)			992 495 kr
Byggeleing Volda kommune			252 470 kr
Prosjekthotell			85 000 kr
Mørenett anleggsbidra			1 070 000 kr
Pumpestasjon vatn			- kr
Asfaltering			1 505 736 kr
Andre tillegg			49 797 kr
Grunnkjøp			3 030 518 kr
Totalkostnad			35 532 464 kr

Stipulerte tomteprisar:

Tomtepriser		
Namn	Areal	Pris tomt
BKS2	2790	3 362 839 kr
Bks3	1622	1 955 027 kr
BKS4	2016	2 429 923 kr
BKS5	1696	2 044 221 kr
BKS6	2115	2 549 249 kr
1	1042	781 500 kr
2	885	663 750 kr
3	1057	792 750 kr
4	1083	812 250 kr
5	945	708 750 kr
6	952	714 000 kr
7	823	617 250 kr
8	941	705 750 kr
9	870	652 500 kr
10	887	665 250 kr
11	905	678 750 kr
12	779	584 250 kr
13	859	644 250 kr
14	1152	864 000 kr
15	858	643 500 kr
16	920	690 000 kr
17	1030	772 500 kr
18	995	746 250 kr
19	951	713 250 kr
20	1240	930 000 kr

Samla oversikt budsjett og kostnader:

Vurdering og konklusjon:

Saksopplysningar:

Prosjekt «Løvland Bustadfelt» vart ferdigstilt og overteke av byggherre (Volda kommune) 02.07.2020. I samsvar med fristar for sluttoppgjer – fakturautsending, fakturagjennomgang og betaling, vart partane etter diverse korrigeringar av fakturagrunnlaget, samde om endeleg sluttoppgjer for prosjektet 26.08.2020.

I etterkant av dette er det gjennomført evaluering av prosjekt, med fokus på

økonomi, framdrift, HMS, kvalitet og kommunikasjon. I samband med dette er det utarbeidd ein sluttrapport, som dokumentasjon på korleis prosjektet har gått. Resultata i prosjektet er samanlikna opp i mot kva mål og forventningar som låg til grunn før oppstart.

I berekning av tomteprisar har ein trekt ut kostnader med fortau langs Kirkhornsbakkane og ny gangveg frå Kirkhornsbakkane, mot Grodås, frå reknestykket.

Det har vore utfordrande å trekkje ut kostnadane med fortau og gangveg nøyaktig ut frå anbod og faktura, då kostnader ikkje var delt opp i geografiske områder. Basert på erfaring frå andre prosjekt siste år(a) har ein stipulert kostnadane til fortau og gangveg. For gangveg har ein lagt til grunn ein meterpris på 6500 kroner og for fortau med granittstein ein løpemeter på 8000 kroner.

Med fråtrekk for desse kostnadane skal bustadfeltet og tomtene dekkje ein investeringskostnad på 26.743.418 kroner.

Det er lagt til grunn ulik kvadratmeter tomtepris mellom einebustadtomter og konsentrerte tomter. Årsak er at konsentrerte tomter (%BYA=45) har høgare utnyttingsgrad enn einebustadtomtene (%BYA=35). Kommunedirektøren rår til at det vert tatt høgde for dette i prisfastsetjinga.

Dette gjev ein kvadratmeterpris på 750 kroner for einebustadtomter og 1205 kroner for konsentrerte tomter. Den minste tomta (779m²) i feltet vil då vere til salgs for 584.250 kroner og den største (1240m²) vil då vere til salgs for 930.000 kroner.

Vurdering og konklusjon:

Evaluering av prosjektet er samanfatta i sluttrapport for prosjekt. Den avdekkjer både gode og mindre gode erfaringar i prosjektet.

Kommunedirektøren rår til at sluttrapporten vert tatt til vitande og tomtepriser vert fastsett som skissert i saka.

Likestillingsmessige sider ved saka: -

Konsekvensar for folkehelsa: -

Miljøkonsekvensar: -

Økonomiske konsekvensar: Prosjektet måtte ha ekstraløyvingar for å sikre ferdigstilling. Årsak er relatert til fleire forhold.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
247/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Tilrettelegging for buss ved Ørsta Volda Lufthamn Hovden

Samandrag:

Ørsta Næringskontor har teke initiativ til eit spleiselag der Ørsta og Volda kommunar, samt Avinor saman skal finansiere tilrettelegging av eit busstopp inne på området til Ørsta Volda Lufthamn Hovden. Løysinga er godkjent av Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune er positive til å ta del i denne tilrettelegginga for eit betre kollektivtilbod,

føresetnaden er at Avinor og Ørsta kommune deltek.

Kommunestyret vedtek at Volda kommune går inn med kr 50.000 finansiert av ubundne disposisjonsfond.

Andre relevante dokument:

Førespurnad frå Ørsta Næringskontor - Utviding av utkjøyrsløse for buss ved Ørsta Volda lufthamn Hovden

Saksopplysningar:

Det har lenge vore ynskjeleg at bussrutene mellom Ørsta og Volda kan legge turen innom Ørsta Volda Lufthamn Hovden. Dette er førebels ikkje mogeleg utan ei ombygging inne på parkeringsplassen, då bussen treng meir areal for å få tilstrekkeleg svingradius. Etter ei ombygging vil bussen kunne køyre heilt inn til avgangs- og ankomsthall.

Avinor vil stå som ansvarleg bestillar og avtalepart til entreprenør. Avinor vil også bidra i monteringsarbeid, kontroll og igangsetjing av remontert anlegg.

Avinor har fått eit tilbod frå Strandmann Maskin AS på kr 122.000. I tillegg kjem kopling av elektrisk anlegg, denne kostnaden dekkjer Avinor som sin del av spleiselaget.

Volda kommune sitt tilskot i prosjektet vil vere kr 50.000.

Vurdering og konklusjon:

Dette prosjektet vil gi positive ringverknader for lufthamna, samt gjere det lettare og rimelegare for dei reisande som skal til og frå flyplassen. Her er mange potensielle godar å hente ut av denne tilrettelegginga, utan at det krev dei store ressursane. Utvikling av kollektivtrafikken er i tråd med Volda kommune si satsing på ei berekraftig utvikling, ref. FN sine bærekraftsmål og vedtatt innkjøpsstrategi.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Eit utvida kollektivtilbod kan vere positivt for miljøet

Økonomiske konsekvensar:

Satsinga vil koste Volda kommune kr 50.000.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Konsekvensar for barn og unge:

Det vert lettare for barn og unge å reise til og frå flyplassen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
248/20	Formannskapet	08.12.2020

Kommunal planstrategi - offentlig høyring

Samandrag:

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Planstrategien bør omfatte ein drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, og ein vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

Formannskapet, leiargruppa og andre nøkkelpersonar frå administrasjonen har delteke på to arbeidsmøter hausten 2020, knytt til kommunal planstrategi og FN sine berekraftsmål. Planstrategien har vore tema på fleire møter i formannskapet og i leiargruppa. Administrasjonen har også gjennomført ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også legge opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaming. Framlegg til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentlig minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming.

Kommunedirektøren ynskjer nå å sende den kommunale planstrategien på høyring, før kommunestyret skal handsame framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda formannskap vedtek at forslag til kommunal planstrategi 2020–2024 vert sendt på høyring for å innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, jf. plan- og bygningslova §10-1.

Vedlegg:

Kommunal planstrategi_høyringsutkast 01 12 2020

Saksopplysningar:

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Planstrategien bør omfatte ein drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorenes verksemd og ein vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor forventat at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Som kunnskapsgrunnlag for planstrategien er det laga eit dokument «Statistikk og utviklingstrekk», som er tilgjengeleg på denne linken:

<https://indd.adobe.com/view/f7e19346-bc39-4f83-884d-178abee09abf> Dokumentet er ei samling av tal og fakta innanfor ulike samfunnstema som folketal, busetting, utdanning, folkehelse og klima. Kommunen sin folkehelseoversikt ligg også som grunnlag for planen.

Dei 17 berekraftsmåla utgjer ein heilskap, og er knytt saman på ulike måtar. Nokre mål har kommunen større moglegheit til å påverke enn andre, og ein kommune i utvikling må prioritere. Formannskapet, leiargruppa og andre nøkkelpersonar frå administrasjonen har delteke på to arbeidsmøter hausten 2020, knytt til kommunal planstrategi og FN sine berekraftsmål. I etterkant har leiargruppa, med utgangspunkt i resultatet frå arbeidsmøta, valt ut sju prioriterte berekraftsmål.

Mål 17: Samarbeid for å nå måla, mål 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar og Mål 13: Stoppe klimaendringane, skal ligge til grunn for organisasjonen. Saman med kommunen sine fire verdier; (raus, modig, kompetent og lærande) representerer måla eit viktig verdigrunnlag.

I tillegg til dei grunnleggjande målsettingane har kommunen valt ut fylgjande fire mål, som ein ynskjer å prioritere høgt; mål 3: God helse og livskvalitet, mål 4: God utdanning, mål: 9 Industri, innovasjon og infrastruktur og mål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn.

Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål. Volda kommune ser framover - *der teknologi og tradisjon møtest*.

Planstrategien inneheld Volda kommune sine prioriterte berekraftsmål og ei oppsummering av prosessarbeidet. Arbeidet med berekraftsmåla skal takast med vidare til kommuneplan og anna planarbeid, slik at dei vert konkretisert i konkrete, lokale tiltak.

Planstrategien inneheld også ein gjennomgang av eksisterande planar i kommunen, og ei vurdering og prioritering av planbehov i valperioden. Lista er laga med utgangspunkt i tidlegare planstrategi, og innspel frå leiargruppa og dei ulike sektorane.

Den kommunale planstrategien skal vere eit førande dokument både administrativt

og politisk. Det vert forventa at planstrategien vert tett følgt opp administrativt gjennom heile perioden, og at planlagde oppgåver (nye planar, revideringar mv.) vert gjennomført i vedtatt tidsrom. Det vert forventa at dokumentet er førande for alle råd, utval og styre. Dersom det skal vedtakast oppstart av nye planar i planperioden skal dette vurderast opp mot gjeldande planstrategi.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, jf. pbl § 10-1. Kommunen bør også legge opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaming. Framlegg til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune sin planstrategi 2020–2024 inneheld strategiske val knytt til FNs berekraftsmål og samfunnsutvikling, og ein vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

Kommunedirektøren ynskjer nå å gjere den kommunale planstrategien offentleg og sende den på høyring, før kommunestyret skal handsame framlegg til vedtak.

Likestillingsmessige sider ved saka: FN sine berekraftsmål inneheld mål knytt til likestilling.

Konsekvensar for folkehelsa: FN sine berekraftsmål inneheld mål knytt til folkehelse. Folkehelseoversikta ligg som kunnskapsgrunnlag for planen.

Miljøkonsekvensar: FN sine berekraftsmål inneheld mål knytt til miljø.

Økonomiske konsekvensar: Måla skal også vere førande for prioritering av ressursar i budsjett og økonomiplan.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: FN sine berekraftsmål inneheld mål knytt til barn og unge.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
249/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Slutthandsaming: Mindre endring av Detaljregulering for Nordalen B59

Samandrag:

Tiltakshavar Erling Skarstein har søkt om ei mindre reguleringsendring av detaljreguleringsplan for Norddalen B59 (plan ID 2011008). Gjeldande reguleringsplan legg til rette for spreidd busetnad med tilhøyrande tilkomstveg og leikeplass. Endringane som er omsøkt er av mindre karakter og gjeld ei utviding for å leggje til rette for ei ekstra bustadtomt. I tillegg er tilkomstvegen lagt om frå gjeldande plan.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 og § 12-14, reguleringsendring av detaljreguleringsplan for Norddalen B59, plan ID 2011008.

Vedlegg:

Plankart 20112020

Føresegner 20112020

Samtykker til detaljregulering - planid 2011008

Svar på revidert forslag til løysing på veg - Detaljreguleringsplan for Norddalen B59

Uttale frå Noregs vassdrags- og energidirektorat - Høyring - Mindre endring av plan - Detaljregulering for Nordalen B59

Svar på høyring frå Leidulv Langvatn til Detaljregulering for Nordalen B59 - Mindre endring av plan

Ingen merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal - detaljregulering for Nordalen B59

Ingen merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune - reguleringsplan for Nordalen B59

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for reguleringsendringa er ønskje om å tilpasse tomtene som ligg i bratt og krevjande terreng. Gjeldande plan fører også til store terrenginngrep i samband med bygging av ny tilkomstveg, noko ein vil redusere med reguleringsendringa.

Søknad om mindre reguleringsendring for del av detaljplan 1519-2011008 «Norddalen B59» vart sendt Volda kommune 12.09.2019. Søknaden vart sendt på høyring og offentlig ettersyn i perioden 30.09.- 21.10.2019. Det kom inn to merknader til høyringa:

NVE: Syner til kartlegging av faresoner knytt til skred. Meiner at kartlegginga bør takast inn i plankartet og synast som omsynssoner med tilhøyrande føresegnar.

Kommentar: Plankartet og føresegnene er justert i høve innspelet frå NVE. Omsynssoner er synt i plankartet med føresegnar som legg føringar for omsynssoner jf TEK 17 § 7.3 sine tryggleikssoner S2 og S3.

Leidulv Langvatn (17.10- og 29.11. 2019): Ser ikkje på reguleringsendringa som ei mindre endring, men ei vesentleg endring. Protesterer mot endra kurvatur i krysset til driftsvegen i Kleppedalen, og meiner reguleringsendringa vil føre til dårlegare køyreforhold enn det allereie er i dag. Dette gjeld også med bruk av større køyretøy for uttak av skog i framtida.

Kommentar: Denne veggen er privat og høva knytt til denne driftsvegen er difor av privatrettsleg karakter. Volda kommune har tidlegare meddelt at ein ikkje ville handsame saka før partane var samde om ei løysing. I brev av 17.09.2020 trekk Langvatn sine tidlegare merknader til saka.

Planforslaget:

Utviding av FS1: Bustadområdet FS1 er utvida noko mot nord for å gi plass til ei ekstra bustadtomt. Grunngevinga er at dei to tomtene som ligg inne i gjeldande plan er vurdert å vee grunne med lite disponibelt byggjeareal mellom byggjegransene. Planområdet vert utvida noko for å gi tomtene ei meir teneleg utforming. Tomtegrensene er også justert noko. Området som utvidinga av plangrensa omfattar er bratt innmarksbeite. Gardsdrifta er opplyst å vere avvika. FS1 er utvida frå 6,5 daa i gjeldande plan til 7,5 daa.

Endra vegtrasè for V2 og V4: I 2014 vart desse vegane omregulert i to parallelle løp, noko som vil medføre store terrenginngrep. Tiltakshavar ønskjer no å omregulere vegane til opphaveleg plan frå 2011. Dette medfører reduksjon i terrenginngrep og kostnad. V4 er ein privat driftsveg og det føreligg ikkje innsigelsar frå grunneigarar/rettigheitshavarar til vegen.

Vurdering og konklusjon:

Søknad til reguleringsendring er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Det føreligg ikkje motsegner til forslaget, og innkomne merknader er anten imøtekome eller fråfelt. Planforslaget er ei mindre endring av eksisterande plan, og ein vurderer det til å ikkje endre føremålet med planen i vesentelg grad. Utvidinga av planområdet tek føre seg noko LNF-område i kommunedelplan for Volda sentrum (plan ID 2007010). Dette arealet har vore beitemark, men ligg i utkant av dyrka mark. Det er elles opplyst om at gardsdrifta er avvikla. Det har ikkje kome merknader på dette punktet gjennom høyringa.

Ein vurderer det som positivt at omregulering av vegtilkomstar fører til mindre terrenginngrep. Samstundes vert det noko meir inngrep i terrenget i bustadområdet. Samla sett vurderer ein denne endringa til å ha lite eller ingen konsekvensar for landskap og miljø i høve gjeldande plansituasjon.

Omsynssoner for skredfare er innarbeidd i plankart og føresegn. Dette syner at ein mindre del av FS2 ikkje tilfredsstill kravet til tryggleiksklasse S2 (TEK17 7.3). Føresegnene legg føringar (omsynssone H310_1) for at den aktuelle delen av tomta ikkje kan nyttast til bygging av bustad før arealet evt er sikra. Arealet kan nyttast til oppføring av S1 tiltak. Ein større del av FS2 tilfredsstiller ikkje krava til tryggleiksklasse S3 (omsynssone H310_3). Dette vurderast å ha låg konsekvens då planen legg til rette for bustadar som kjem inn under tryggleiksklasse S2.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende konsekvensar.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende konsekvensar

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar: I hovudsak privatrettslege konsekvensar. Tilkomstvegen til feltet er regulert til felles (privat) veg.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende konsekvensar. Tilkomstveg skal dimensjonast for utrykningskøyretøy og vendehammar skal etablerast som vist i plankartet.

Konsekvensar for barn og unge: Det vurderast som positivt at det vert etablert nytt leikeareal i bustadfeltet. Det er også lagt inn ein grøntkoridor mellom FS1 og FS2.

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
250/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Sluttbehandling - Detaljregulering for Rotsetfjora gbr. 30/157, 30/286 m.fl.

Samandrag:

Saka gjeld slutthandsaming av forslag til detaljregulering for Rotsetfjora gbr. 30/157, 30/286 m.fl. Planforslaget legg opp til oppføring av to bustadblokker på 5 etasjar, kvartalsleikeplass, turveg langs sjøfronten og ny avkøyrsløp til Naustvegen. Planforslaget har vore ute til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har trekt motsegn og planforslaget er no klar for slutthandsaming.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for Rotsetfjora gbr. 30/157, 30/286 m.fl. (planid 2018001) med plankart, planomtale og føresegner sist revidert 27.08.2020.

Volda kommunestyre opphever samtidig den del av gjeldande reguleringsplan for Rotsetfjora I1 og SP1-6 med planid 200009 som no inngår i ny reguleringsplan med planid 2018001.

Vedlegg:

Offentleg ettersyn - merknadssvurdering - Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl.

Uttale om detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl. - Nytt offentlig ettersyn

Trekking av motsegner frå Møre og Romsdal Fylkeskommune - fråsegn til offentlig ettersyn - detaljregulering - reguleringsplan Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, 286 m.fl

Rotsetfjæra, Fortidsminneforeningen, 05.11.20.pdf

Høyringsuttale frå Fylkesmannen til detaljreguleringsplan for Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Høyringsinnspel frå SV til detaljregulering for Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157, bnr 286 med fleire - PlanID 2018001

Høyringsuttale frå Wendi Stråbø i samband med detaljregulering for Rotsetfjæra - planid 2018001

Merknad til plan for Rotsetfjæra.

Høyringsuttale frå Volda Venstre til detaljregulering Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157 bnr 286 med fleire- PlanID 2018001

Høyringsuttale frå Jørgen Lyngvær og 352 andre mot utbygging av Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, bnr 286 med fleire - planid 2018001

Høyringssvar - detaljregulering for Rotsetfjæra

Merknad frå Ingrid Vatne - detaljreguleringsplan for Rotsetfjæra, gnr 30 bnr 157 og bnr 286 med fleire

Høyringssvar frå Marta og Karstein Nes - Detaljregulering for Rotsetfjæra - gnr 30 bnr157, bnr 286 m. fl.

Uttale til offentlig ettersyn frå Statens Vegvesen - Detaljregulering for Rotsetfjæra - gnr. 30 bnr. 157, 286 m.fl. - E39

Merknad frå Ove Rune Driveklepp til PlanID 2018001 - Detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, 286 mfl. - Boligformål mm. - Volda kommune

Høyringsuttale Bjørkedal kystlag - detaljregulering Rotsetfjæra - Planid 2018001 - gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Høyringsuttale Bjørkedal kystlag

Høyringsuttale Volda Sogelag - detaljregulering for Rotsetfjæra - Planid 2018001 - gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Høyringsuttale Volda Sogelag

Uttale frå Kystverket - Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157, bnr 286 m.fl

Innspel frå Mørenett til detaljregulering for Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157

V13 Solstudie Leilegheitsbygg Volda -Alternativ 4 – 27.08.2020

Revidert planforslag - Alternativ 4 - Detaljregulering Rotsetfjæra gbnr 30/157 og 30/286 m.fl.

0 Planomtale Rotsetfjæra Alternativ 4 -27-08-2020

V1 Reguleringsplan Rotsetfjæra Alternativ 4 - 27-08-2020

V2 Føresegn Rotsetfjæra Alternativ 4 - 27-08-2020

V3 Illustrasjonar til planen- Alternativ 4 - 27-08-2020

Offentleg ettersyn - merknadssvurdering - Detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Plansak for nytt offentlig ettersyn - Detaljregulering for Rotsetfjæra - gnr. 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Oppfølging etter drøftingsmøte - Detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl.

Referat frå drøftingsmøte - Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30157, 302

Svar på spørsmål knytt til motsegner - PlanID 2018001 - Detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Referat frå drøftingsmøte - Detaljregulering for Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157, gnr 30 bnr 286 m.fl.

Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved avgrensa ettersyn - detaljregulering - reguleringsplan - Rotsetfjæra - gnr 30 bnr 157 og gnr 30 bnr 286 m.fl
Revidert planframlegg - Ber om ny vurdering og trekking av motsegn - Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl.
Oppdaterte plandokument og uttale frå plankonsulent til merknadar ved offentleg ettersyn - Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl.
Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune - detaljregulering - reguleringsplan - Rotsetfjæra gnr 30 bnr 157 m.fl - fråsegn til offentleg ettersyn
V14 Lengdeprofilar, SKV2,6,7
V5-1 FS Varsling Detaljregulering Rotsetfjæra
V5-2 Kunngjering Detaljreg Rotsetfjæra
V6 Løyve om oppstart. Vedtak PS-sak 7717
V8 ros-analyse Rotsetfjæra
V8 Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit
V9 10207075-RIGm-RAP-001
V10-1 10205976-RIG-RAP-002_vurdering
V10-2 10205976-RIG-RAP-001 Datarapport
V12 Innledende brannstrategi - Leilighetsbygg Volda
Arkeologisk rapport - Rotsetfjæra
Ettersending av arkeologisk fagrapport i høve reguleringsplanen for Rotsetfjæra i Volda kommune
V11 Fråsegn etter arkeologisk registrering - Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Rotsetfjæra

Saksopplysningar:

Kommunen mottok i brev datert 21.01.2016 søknad om omregulering av gbr. 30/157, med vedlagt mulegheitsstudie som viste 3 leilegheitsbygg på 5 etasjar inkludert underetasje.

Etter avklaringar vedkomande m.a. Scana Volda sine planar for området og presentasjon av skisser i Formannskapet mottok kommunen formell anmodning om oppstart av arbeid med detaljregulering for Rotsetfjæra den 14.02.2017.

Formannskapet gjorde 16.05 2017 vedtak om at planarbeidet kunne startast opp på ei rekke vilkår. Oppstart av detaljregulering vart varsla og kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova den 23.06.2017.

Kommunen mottok 1. planforslag 06.03.2019 og formannskapet fatta vedtak på vilkår om nokre endringar å legge planen ut til høyring og offentleg ettersyn den 17.06.2019. Før forslaget vart sendt på høyring mottok kommunen eit endra planforslag frå plankonsulenten der byggehøgda på dei tre blokkene vart redusert. Dette vart seinare lagt ut på høyring og offentleg ettersyn etter vedtak i Formannskapet den 10.12.2019. Som følgje av merknader og motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart det utarbeidd eit endra planforslag som Formannskapet sendte på ny høyring og offentleg ettersyn etter vedtak den 15.09.2020.

Tidlegare saksgang og planframlegg finn ein her:

https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2019010028&

Det er motteke 18 merknader og uttaler til 2. høyringsforslag. Merknader frå naboar og andre engasjerte syner sterk interesse motsetnad. Det er først og fremst merknader til manglande avklaring i overordna plan, tillate byggehøgda,

konsekvensar for Garvarbuda, Ristegarden og bygningsmiljøet og tilgang til strandsona. Dette er moment som i stor grad har vore vurdert tidlegare i planprosessen. Alle merknader er oppsummert og kommentert i eige vedlegg til saka.

Møre og Romsdal fylkeskommune som hadde motsegn mot planforslaget har trekt motsegna. Mørenett minner om eksisterande anlegg og behov for ny trafo eller oppgradering av eksisterande nettstasjon. Statens vegvesen, Fylkesmannen, Kystverket og NVE har ingen spesielle merknader. Volda Sogelag, Bjørkedal Kytslag, Fortidsminneforeningen er negativ til planframlegget. Musea på Sunnmøre er positive til at området får eit ansiktsløft og ei opprydding, men meiner bygningane vert for dominerande og ber om at ein går ned med ei etasje. Volda Venstre og Volda SV kjem med negative uttalar til planforslaget.

Vurdering:

I vurderinga er det lagt vekt på dei momenta som er tatt opp i merknadar til 2. høyringsforslag.

Manglande avklaring i overordna plan.

Fleire merknader peiker på at det ikkje skulle vore starta opp planarbeid for området før arealbruken var avklart i overordna plan. I følgje plan- og bygningslova skal privat detaljregulering følgje opp hovudtrekk og rammer i overordna plan. Gjeldande overordna plan er Kommunedelplan for Volda sentrum frå 2009, der utbyggingsområdet var sett av til industri. Før oppstart av planarbeidet vart spørsmålet om oppstart og endring av arealformål frå industri til bustad/næring handsama i Formannskapet. Formannskapet gjorde vedtak om at planarbeidet der hensikta var å endra arealbruken frå industri til bustad/næring kunne startast opp. Seinare har Formannskapet gjort vedtak om utlegging av både eit 1. og 2. planforslag. I samband med utarbeiding av ny overordna plan, kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, har Formannskapet gjort vedtak om å legge ut planforslag til høyring der utbyggingsarealet er endra frå industri til bustad. Formannskapet har seinast 10.11.2020 gjort vedtak om å ikkje imøtekomme merknader til planforslaget om å endre det same arealet til friområde. Eg vurderer det dermed slik at arealbruken er tilstrekkeleg avklara gjennom Formannskapet sine tidlegare vedtak om oppstart av arbeidet med detaljreguleringa og vedtak i samband med utarbeiding av kommunedelplanen for tidlegare Volda kommune.

Det kjem også fram i merknader at byggehøgde burde vore avklara i overordna plan. Den overordna planen som no er under arbeid går ikkje i detalj når det gjeld byggehøgde i Volda sentrum. Byggehøgde vil typisk vere tema i ein reguleringsplan for eit større areal, ein områderegulering. Det er ikkje prioritert å starte opp arbeid med områderegulering for arealet frå Rotsetfjæra til Andaneset i gjeldande planstrategi. Krav om t.d. å avvente eit planarbeid til ein ny overordna plan er på plass må ein ta stilling til når ein handsamar spørsmål om oppstart av eit planarbeid. Noko som er gjort i denne saka. Som planmynde må kommunen dessutan vere føreseielege i sine krav til oppstart av ein privat detaljregulering. Det vil vere urimeleg å krevje at eit oppstarta planarbeid som kommunen i fleire runder har akseptert å sende på høyring no må avvente ein ny områderegulering som enno ikkje er prioritert i kommunen sin planstrategi.

Alternativ bruk av området:

Det er kommunal planmynde som avgjer arealbruken i kommunen. Det har vore


gjort fleire vedtak dei siste åra som gjeld arealbruken i området. Formannskapet har gitt løyve til oppstart av arbeid med privat detaljregulering med formål å legge til rette for bustadblokker. Formannskapet har også lagt fram forslag til ny arealdel(no: kommunedelplan for tidlegare Volda kommune) der det aktuelle arealet er endra frå industri- til bustadformål. Formannskapet har gjennom handsaming av merknader til planforslaget for ny kommunedelplan avvist å imøtekomme merknader som ønskjer å endre arealbruken til anna formål enn bustad.

I forslag til ny arealdel som Formannskapet har lagt ut til høyring vart det også gitt føresegner om kva funksjonar som skal kunne etablerast i dei ulike delane av Volda sentrum. På bakgrunn av målsettinga om å skape eit urbant sentrum er det ikkje opna for etablering av verksemder som restaurant, café, uteservering utanfor indre sentrumssone. Opparbeiding av området til eit offentleg fritids-/rekreasjonsområde vil vere avhengig av kommunale ressursar både til utarbeiding av reguleringsplan, tileigning av areal og opparbeiding. Kommunen må endre arealbruken i kommunedelplanen som er under handsaming, prioritere reguleringsplanprosjektet i den kommunale planstrategien og prioritere prosjektet i økonomiplan og budsjett. Ut frå den økonomiske situasjonen kommunen er i er det lite realistisk at ein skal kunne gjennomføre eit slikt prosjekt. Gjennom samarbeid med utbyggjar og utbyggingsavtalar for opparbeiding av offentlege areal vil ein likevel kunne utvikle området til eit attraktivt offentleg fritids- og rekreasjonsområde.

Byggehøgda, sol og utsikt.

I fleire merknader vert det protestert på tillate byggehøgda i utbyggingsområdet BKB1. I planforslaget er det på to avgrensa areal i BKB1, opna for oppføring av blokk med inntrekk øvste etasje der høgste tillate gesims er fastsett til maksimum opp til kote + 22 m. På resten av området er maksimal gesimshøgda sett til kote + 8 m. Dette er ikkje høgda på bygget, men ei grense for kor høgt bygget si høgste gesimshøgda kan vere plassert ut frå kote 0. Bygget skal plasserast på minimum kote 3,6 m på grunn av krav om å ta omsyn til framtidig havnivåstigning og stormflod/bølgjepåverknad. Blokkene inkludert den inntrekte øvste etasjen vil dermed kunne ha ei maksimal gesimshøgda på 18,4 m og det vil rage om lag 16 m over nivået på Naustvegen. Dette er høge bygg og det er tatt grep for å avdempe den dominerande verknaden. Det er sett krav om at øvste etasje skal vere inntrekk, det er fjerna ei blokk for å sikre rom mellom blokkene og avstand mellom blokkene og Garvarbuda. I tillegg vil det vere muleg å arkitektoniske grep i detaljprosjektering av bygningane.

Avstanden til dei næraste naboane bak er på om lag 32 meter og det er klart at blokkene får ei dominerande verknad for naboane med 5 etasjar inkludert underetasje. Gjennom planprosessen har det vore lagt fram fleire alternative forslag også eit forslag med blokker på 4 etasjer inkludert underetasje. Under er vist terrengsnitt som viser situasjonen for eigedomen gbr. 30/55 ved alternativ 4 med 5 etasjar(2. høyring) og og alternativ 3 med 4 etasjar (1. høyring).




Terrensnittene viser at blokk på 4 etasjer er mindre dominerande enn blokk på 5 etasjer.

Blokk på 4 etasjer endrar derimot ikkje utsikta for eigedomen. Dersom gbr.30/50 Skal behalde den utsikta dei har i dag kan ein berre føre opp bygg på maksimalt 1-2 etasjer opp til kote + 8 m. Dersom ein skal tillate noko meir enn 1-2 etasje i utbyggingsområdet vil det berre vere gjennom plassering av bygningane og ev. omfang av bygg ein kan sikre utsikt for dei næraste naboane i Naustvegen. I alternativet som var ute til 2.gongs høyring var det fjerna ei blokk og ein fekk større avstand mellom blokkene, som sikrar naboane utsikt både mellom blokkene og mot sør. Under er det fokusert på situasjonen for gbr. 30/55, men illustrasjonen viser også at 30/5 har tilfredstillande utsiktsforhold.





I merknaden knytt til underskriftlista vert det hevda at utbygginga hindrar sjøutsikt for hundrevis av naboar. Dette er eit misvisande utsagn. Lægdavegen ligg om lag på kote + 22 m. Det vil seie at alle bygg på oppsida av Lægdavegen ikkje mister utsikt. Dei fleste bustadhusa på nedsida av Lægdavegen vil heller ikkje miste utsikt. Ristevegen ligg om lag på kote + 10 m og i ein sektor rett bak utbyggingsområdet vil bustader langs Ristevegen få redusert utsikt til sjøen, men

ingen vil få totalt hindra sjøutsikt.




Dei to bustadane nærast utbyggingsområdet er sjølvsagt mest råka og vil få eit vesentleg utsiktstap i forhold til dagens situasjon. Det er gjennom grep i planforslaget likevel sikra utsikt mellom og til kvar side for blokkene.

Byggeforskriftene(TEK17) set krav til at alle bueiningar og felles utearealer bør ha sol minst fem timar kvar dag ved vår- og høstjamndøgn. Ut frå vedlagte solstudie kjem det fram at solsituasjonen ikkje vert særleg endra for gbr 30/55 om det er blokker med 5 eller 4 etasjer. I begge alternativa har eigedomen sol kl. 15 vårjamndøgn medan det er skugge frå blokkene kl. 18. Eigedomer ovanfor Ristevegen/Andanesvegen får ikkje redusert sol som følgje av blokker på 5 etasjar som vist i alternativ 4.



Soltilhøva 21.06 kl. 18 viser at naboane ikkje får redusert soltilhøve av utbygging med blokker i 4 eller 5 etasjar.



Tilgang til sjøen:

Mellom Landingsvoren og naustområdet er det ingen naturleg strandsone pr. i dag. Det er eit oppfylt areal med kaifront på delar av arealet.



I planforslaget er det sett av areal til gangsti langs sjøfronten som vil ligge om lag på dagens oppfylte nivå og likt med eksisterande kai i området. Det er sett krav om at denne offentlege turvegen langs strandpromenaden skal vere ferdig opparbeidd før nye bustader i området kan takast i bruk. Dette er ein offentlig turveg som alle kan nytte seg av. Sjøfronten framfor blokkene er i planforslaget sett av til offentlig areal der ein t.d. kan etablere eit båtopptrekk som alle kan nytte seg av. Det er lagt til rette for køyreveg heilt fram til båtopptrekket. Det er plassert ein offentlig kvartalsleikeplass ved sjøkanten mellom blokkene og Garvarbuda. Dette er ein offentlig leikeplass som alle kan bruke. Det er lagt opp til ny offentlig avkøyrsløse til området med offentlege parkeringsplassar som kan nyttast for alle besøkande til Garvarbuda, kvartalsleikeplassen, turvegen m.v. Alle desse tiltaka gjer at området inkludert strandsona vil vere vesentleg meir tilgjengeleg enn i dagens situasjon.

Konsekvensar for Garvarbuda og Ristegarden:

Planforslaget legg til rette for etablering av ny tilkomst og parkering til Garvarbuda. Det er også lagt til rette for betre gangtilkomst via fortau langs Ristevegen og ny gangveg frå Ristevegen til Garvarbuda. Dette er tiltak som legg til rette for meir aktivitet i og kring Garvarbuda. Det er vanskeleg å sjå at planforslaget er til hinder for vidareutvikling av Garvarbuda som museum med tilhøyrande aktivitetar.

Det vert i merknader hevda at spesialområde for bevaring av bygningsmiljø med Garvarbuda og Ristegarden vert utbygging fullstendig dominert med den utbygginga som er lagt opp til i planforslaget. Avstanden mellom Garvarbuda med 8 meter høgd og næraste bustadblokk er i planforslaget 46 meter. Avstanden mellom utbygging i Rotsetfjæra og Garvarbuda har vore tema i fleire tidlegare planarbeid. Ved handsaming av gjeldande reguleringsplan vart det fastsett byggegrense mot Garvarbuda på ein slik måte at ein skulle sikre at den skulle vere synleg frå målpunktet Volda ferjekai. I planforslaget som har vore på høyring overskrid byggelinja denne byggegrensa berre i mindre grad mot Garvarbuda. Kulturminnemynde i fylkeskommunen har vore opptatt av å sikre både avstand til og området kring Garvarbuda og har akseptert plassering av blokkene slik det kjem fram i forslaget som var ute til 2. gongs høyring.

Omsyn til økonomi i prosjektet.

I fleire av merknadane vert det tatt opp at utbyggaren sine krav til inntjening ikkje må vere avgjerande for planutforminga. Dette er eit prinsipp ein sjølv sagt er samd i, men ein kan likevel ikkje sjå vekk i frå at det også er viktig å sikre at ein plan kan gjennomførast. Det er eit viktig prinsipp i planlegginga at ein ikkje skal utarbeide planar som ikkje er gjennomførlege. I følgje pbl. § 3.1 skal all planlegging bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring. Dess fleire krav til opparbeiding av t.d. felles og offentlege areal og dess meir enn reduserer mulegheit for inntening jo mindre sannsyn for at eit utbyggingsprosjektet er gjennomførbart.

Likestillingsmessige sider ved saka: Det er lagt opp til universell utforming og tilgjengelege bueiningar i samsvar med byggt teknisk forskrift.

Konsekvensar for folkehelsa: Fleire får tilgang til sjønære areal og området kan bli eit attraktivt opplevingsområde. Fleire kan vere busett i eit sentrumsnært område med gangavstand til alle viktige kvardagsfunksjonar. Naboar kan oppleve utbygginga som uheldig for bumiljøet i området.

Miljøkonsekvensar: Er vurdert i planomtalen.

Økonomiske konsekvensar: Det er betydelege offentlege anlegg i planforslaget: offentlege vegar, gang-/sykkelveg, strandpromenade, sjøfront, grøntanlegg og teknisk infrastruktur. Det er ikkje avklart omfang av kommunalt bidrag til opparbeiding, men her vil uansett vere kostnader knytt til drift av anlegget. Det er krav om utbyggingsavtale for offentlege anlegg i planområdet.

Beredskapsmessige konsekvensar: Det er gjennomført ROS-analyse og det er avdekt uakseptabel risiko og utfordringar når det gjeld fleire fareområde. Det er gjennomført utgreiingar og kartleggingar. Det er gjort nødvendige grep i planforslaget og tatt inn krav til tiltak i reguleringsføresegnene.

Konsekvensar for barn og unge: Det er sett av tilstrekkeleg og gode areal for barn

og unge gjennom avsett nærleikeplassar og kvartalsleikeplass. Barnerepresentanten har vore involvert i kommunen sin gjennomgang og vurdering av planforslaget og Fylkesmannen har akseptert løysinga.

Oppsummering og konklusjon:

Eit viktig prinsipp er at ein planprosess må vere føreseieleg. Formannskapet har gjort fleire vedtak der ein aksepterer at arealbruken kan endrast frå industri til bustadformål med konsentrert utbygging.

I all planlegging er det ei avveging av ulike interesser og omsyn som ein skal ivareta og dette kan vere ein svært krevjande oppgåve for planmynde. Det er gjerne slik at en må avvege dei ulike omsyna opp mot kvarandre. Det kan vere vanskeleg å ta stilling til kva som er akseptabel byggehøgde i eit utbygd område. Ein har nokre objektive kriterier som er til hjelp for vurderinga. For å sikre eit godt nok beslutningsgrunnlag vert det ofte sett krav om ulike illustrasjonar. Dette er også gjort i dette planarbeidet. Det er lagt ved terrengsnitt som viser forholdet mellom den utbygginga planen legg til rette for og eksisterande busetnad. Det er lagt ved både terrengsnitt, 3D illustrasjonar og sol/skuggeanalyse.

Det er ei ny form for utbygging som er planlagt i Rotsetfjæra og dette skapar engasjement og mange er svært skeptisk til ei slik utbygging. Ikkje minst fordi det er planlagt blokker i eit område med eldre bygningsmiljø og verna bygningar. Området har sidan 2001 og er framleis regulert til industri. I medhald av gjeldande reguleringsplan kan ein føre opp eit industribygg med gesimshøgde opp til 12 meter. Med dagens krav til å ta omsyn til havnivåstigning og stormflod vil eit slik bygg truleg måtte plasserast på same kotehøgde som i planforslaget (kote + 3,6). Det er altså alt i dag muleg å føre opp eit massivt industribygg i området i medhald av gjeldande reguleringsplan. Det er dette som er den nosisituasjonen som vi må ta omsyn til når vi skal sette fordelar og ulemper opp mot kvarandre. Kva fordelar og ulemper vil planforslaget medføre for området, naboar, kulturminna og tilgjenge til strandsona for ålmenta.

Forutan dei freda bygningane er det bygningsmiljøet i enden av Naustvegen som har størst kulturhistorisk verdi. I gjeldande reguleringsplan er dette føresett riven, fylt igjen og nytta til industriføremål. I forslag til endra reguleringsplan vert dette området sikra mot nedbygging og bygningsmiljøet vil bli bevart.

Ristegarden, Garvarbuda og Landingsvoren er kulturminne av nasjonal verdi og er sikra gjennom føresegner i tillegg til at planforslaget sikrar at dei utfylte massene langs Landingsvoren vert fjerna. Regional kulturminnemynde konkluderer med at planforslaget ivaretek dei regionalt og nasjonalt viktige kulturminna på ein god nok måte og har trekt motsegna. Planforslaget sikrar i samsvar med eksisterande plan betre tilkomst for både køyrety og mjuke trafikantar og legg til rette for etablering av parkeringsplassar for besøkande til Garvarbuda.

Planforslaget legg til rette for opparbeiding av allmenn tilgjengeleg sjøfront og turveg, open for alle, frå Garvarbuda til Naustvegen via sjøfronten framfor bustadblokkene. I planforslaget er både sjøfronten og turvegen offentlege anlegg. Det er sett krav om at dei skal opparbeidast samtidig og som del av utbyggingsprosjektet med høg kvalitet som vist i godkjent utomhusplan i samband med byggesaken. Det er vidare sett krav om utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar for opparbeiding av alle offentlege anlegg. Det er også lagt til rette for

etablering av eit mindre båtopptrekk. Dette er ei klar forbetring når det gjeld allmenn tilgang til sjøfronten i motsetning til dagens situasjon, der ein i medhald av gjeldande plan må kunne forvente næringsverksemd på arealet som medfører at området ikkje vert tilgjeng for ålmenta.

Utbygging av BKB1 med bustadblokker på 5 etasjar har negative konsekvensar for dei næraste naboane. Dei mister den sjøutsikta dei har i dag, får mindre sol sein ettermiddag ved vår-/haustjamndøgn og det vert meir aktivitet og trafikk som konsekvens av fleire busette i området. Gjennom gjeldande reguleringsplan har det sidan 2001 vore lagt til rette for etablering av industri-/næringsverksemd vest for Naustvegen. Det kan førast opp industribygg på 10-12 meter som ved plassering på kote + 3,6 m vil strekke seg opp til som kote +15,6 m. Ut frå dei terrengsnitt som er lagt ved planforslaget ser ein at denne høgda vil sperre for all utsikt for dei bakanforliggande bustadane. Det er ikkje noko krav i gjeldande reguleringsplan om oppdeling av industribygget for å sikre utsyn/sjøgløtt for naboane bak. Situasjonen for naboane aust for Naustvegen vil ikkje bli vesentleg betre med utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan når det kjem til utsikt og sol. Ved endring av byggegrense sikrar planforslaget at det vert større avstand mellom blokkene og dei næraste naboane aust for Naustvegen enn det som vil kunne vere resultatet av utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Gjennom grep i planforslaget sikrar ein større avstand mellom busetnaden bak og bustadblokkene. Dette gjer at ein kan akseptere høgare bygg. Solstudier viser tilfredstillande soltilhøve ved utbygging med blokk på både 4 og 5 etasjar. Naboane aust for Naustvegen mister all utsikt ved utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan. I det nye planforslaget er det ved bruk av føresegnssområde sikra at blokkene vert plassert med ein slik avstand at ein sikrar fjordutsikt for naboane bak. Sjølv om det vert redusert utsikt i forhold til slik dei har det i dag vil planforslaget sikre ei betre utsikt enn det som er konsekvensen av utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Planmynde ved Formannskapet har gitt løyve til å starte opp arbeid med ein reguleringsplan med hensikt å føre opp bustadblokker. Gjennom arbeidet med ny overordna plan (kommunedelplan for tidlegare Volda kommune) har ein foreslått at arealet skal kunne nyttast til bustadformål. Det er dermed rimeleg avklara at arealbruken kan endrast frå industri til bustadformål.

Dei næraste naboane langs Naustvegen vert i størst grad råka av planforslaget. Som utgreiinga over og vedlagte illustrasjonar og solstudie viser, sikrar 2. høyringsforslag både tilfredstillande solforhold og betre utsikt enn kva utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan vil kunne gi. Sjølv om blokker på 5 etasjar er meir dominerande enn 4 etasjar, så vil det likevel ikkje gi betre utsikt for naboane bak. Med 4 etasjar får ein noko betre solforhold ved vår-/haustjamndøgn enn med 5 etasjar. Eg vurderer at denne betringa ikkje er så avgjerande at det forsvarar å redusere utbyggingsprosjektet med 8 sentrumsnære leilegheiter. I overordna målsettingar og strategiar er det lagt opp til auka grad av busetting i og nær indre sentrumssone gjennom fortetting og transformasjon. Gjennom planforslaget vil ein kunne få 34 nye bueiningar i gangavastand frå alle viktige sentrumsfunksjonar, ny tilkomst og parkeringsareal for Garvarbuda, opprydding av sjønært næringsareal og fjerning av masser inntil Landingsvoren, etablering av ny offentlig kvartalsleikeplass, turveg langs sjøfronten, bevaring av bygningsmiljø lengst nord i Naustvegen og mulegheit for offentlig tilgjengeleg opptrekk for småbåtar. I samråd med regional kulturminnemynde har ein kome fram til eit

plangrep som sikrar dei nasjonalt og regionalt viktige kulturminneområda på ein god nok måte og motsegn til 1. høyringsforslag er difor trekt. Ein har heller ikkje motteke andre merknader frå overordna mynde som gjer at ein ikkje bør godkjenne planforslaget.

Eg kan på bakgrunn av vurderingane over tilrå at Formannskapet rår Kommunestyret til å godkjenne planforslaget slik det låg føre til 2. høyring og offentlig ettersyn.

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
251/20	Formannskapet	08.12.2020

Plansak for offentlig ettersyn 2. gong - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune

Samandrag:

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar plankart, temakart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing. Plandokumenta er oppdatert jf. tidlegare vedtak i formannskapet knytt til handsaming av motsegn og merknader.

I møte 10.11.2020 hadde administrasjonen ein gjennomgang av motsegnsområda, og formannskapet var på synfaring i Morkabygda/Furene. Administrasjonen har følgd opp vedtaka i formannskapet, og det er ikkje gjort endringar i planforslaga knytt til desse områda. Det vert opp til formannskapet å ta stilling til om planen skal sendast ut på høyring med motsegnsområda. Dersom formannskapet ynskjer å halde fast på motsegnsområda, vert det truleg meklingsmøte med høyringsinstansane. Viss ein ikkje vert einige der, vert planen sendt til departementet.

Formannskapet skal ta stilling til om kommunedelplanen skal sendast ut til 2. gongs høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda formannskapet vedtek at Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vert lagt ut til 2. gongs høyring og offentlig ettersyn jf. plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.

Vedlegg:

Vedlegg 1_Planomtale 20201127

Vedlegg 2_Føresegner 20201127

Vedlegg 3_Plankart arealformål 20201127

Vedlegg 4_Plankart_Sikrings støy og faresoner H100 H200 H300

Vedlegg 5_Plankart_Omsynssoner H500

Vedlegg 6_Plankart_Bandleggings gjennomførings og føresegnssone H700 H800 H900

Vedlegg 7_Konsekvensutgreiing 20201125

Vedlegg 8_ROS-analyse 20201013

Vedlegg 9_ROS vurdering av utbyggingsområde 20201030

Vedlegg 10_ROS_Temakart_Naturrisiko

Vedlegg 11_ROS_Temakart_Sårbare objekt del 1

Vedlegg 12_ROS_Temakart_Sårbare objekt del 2

Vedlegg 13_ROS_Temakart_Verksemdsrisiko

Vedlegg 14_Temakart_Grønstruktur og Friluftsliv

Vedlegg 15_Temakart_Landbruk

Vedlegg 16_Temakart_Fritidsbusetnad

Vedlegg 17_Temakart_Infrastruktur

Vedlegg 18_Redigeringslogg føresegner 20201127

Saksopplysningar:

Siste samla arealdel for tidlegare Volda kommune vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar for mindre område. Arealdelen frå 1990 og dei fleste kommunedelplanane var av eldre karakter. Det var behov for ein oppdatering av plandokumenta, ein ny gjennomgang av arealbruken og å samle kommunedelplanane i ein felles arealdel for heile kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2012–2015 vart det vedteke at kommunen skulle gjennomføre ei fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Volda kommune sin samfunnsdel (2016–2028) vart vedteken av Volda kommunestyre 26.5.2016. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retningar og føringar for kommunen sin samla utvikling, og inneheld føringar for utarbeiding av arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt styringsverktøy for bruk og vern av areal, og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa og rammar og betingelsar for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Da arbeidet med denne planen starta skulle den vere ein revisjon av kommuneplanen sin arealdel for heile Volda kommune. Etter kommunesamanslåinga er ikkje denne planen lenger ein arealdel for heile kommunen, men ein kommunedelplan for arealet i tidlegare Volda kommune. Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar plankart, temakart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing.

Planprogrammet til arealdelen vart vedteke av kommunestyret 15.12.2016. Fyrste planutkast vart sendt på høyring og offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet 11.06.2019 sak 73/19.

Motsegn

Kommunen har motteke 36 motsegn til planen. Formannskapet handsama motsegn i møte 04.05.20, og tok stilling til kva motsegn ein ynskjer å imøtekomme og ikkje. Etter dialog med høyringsinstansane er fleire av motsegna trekt. Av

motsegna kommunen ikkje ynskjer å imøtekome er det desse som framleis står:

- B234 – Egset (KU B57) – Bustadbebyggelse
- B105 – Ytrestøyl (KU LSB1 og KU LSB3) – Bustadbebyggelse
- BKB9 – Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) – Kombinert formål
- BKB11 – Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) – Kombinert formål
- BKB24 – Furene/Morkabygda (KU BOP1 og KU BOP2) – Kombinert formål
- Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

I møte 10.11.2020 hadde administrasjonen ein gjennomgang av areala, og formannskapet var på synfaring i Morkabygda/Furene. Administrasjonen har følgd opp vedtaka i formannskapet, og det er ikkje gjort endringar i planforslaga knytt til desse områda. Det vert opp til formannskapet å ta stilling til om planen skal sendast ut på høyring med motsegnsområda. Dersom formannskapet ynskjer å halde fast på motsegnsområda, vert det truleg meklingsmøte med høyringsinstansane. Viss ein ikkje vert einige der, vert planen sendt til departementet.

- B234 – Egset (KU B57) – Bustadbebyggelse.

Kommentar: Motsegna er knytt til jordvern og støy. Det er behov for bustadområde i Morkabygda. Alternativet er å ta området ut av planen. Det vil gå ut over befolkningsveksten i Morkabygda.

- B105 – Ytrestøyl (KU LSB1 og KU LSB3) – Bustadbebyggelse

Kommentar: Motsegna er knytt til naturverdiar (m.a. hjortevilt), og avstand til skule, fritidsaktivitetar oa. (samordna bustad,- areal- og transportplanlegging). Det er behov for bustadområde i Morkabygda. Arealet er tidlegare også vurdert som spreidd bustadbebyggelse i LNF. Dette kan vere eit alternativ, men det vil legge noko mindre til rette for befolkningsvekst i Morkabygda. Eit tredje alternativ er å ta området ut.

- BKB9 og BKB11 – Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) – Kombinert formål

Kommentar: Motsegna er knytt til jordvern. Det er behov for areal til utvikling av næringsområdet på Furene. Alternativet er å ta området ut av planen.

- BKB24 – Furene/Morkabygda (KU BOP1 og KU BOP2) – Kombinert formål

Kommentar: Motsegna er knytt til naturmangfald, landskapsverknad, friluftsliv og barn og unge. Det er behov for areal til utvikling av næringsområdet på Furene. Alternativt kan ein vurdere å avgrense arealet. Dei fleste motsegna er knytt til verdiar som har størst verdi i øvre del av området. Eit tredje alternativ er å ta området ut av planen. Viss ein avgrenser arealet eller tek det ut, vil ikkje området egne seg for massedeponi (sjå avsnitt under).

- Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

Kommentar: Motsegn er knytt til krav til avstand og storleik. Administrasjonen meiner ein har god fagleg begrunnelse for å helde fast på avstandskrav og at Fylkesmannen sine krav er svært vanskeleg å

følgje opp i praksis. Vi har støtte frå dei andre kommunene i sjustjerna.

Massedeponi

Det er ikkje sett av areal til massedeponi i tidlegare kommunedelplanar. Det er gjennom dialog med næringa kome fram eit sterkt behov for område med mulegheit for deponering/mellomlagring av masser i samband med bygg- og anleggsverksemd. Eit slikt område bør ligge nær områda med størst bygg- og anleggsverksemd. Det er vurdert to større areal; eit på Morkaåsen/ Langemyra (KU BAB17), og eit areal mellom Egset og Nordalen (KU BAB16). Begge alternativa er utfordrande for naturverdiar og fleire andre utgreiingstema. Alternativet på Morkaåsen synes noko mindre utfordrande og vil truleg vere enklare med tanke på tilkomst til området. I 1. høyringsutkast var dette alternativet med i planen (BAB12), med krav til reguleringsplan og grundigare utgreiingar av konfliktfylte utgreiingstema og løysing for ny tilkomstveg til området. Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla motsegn til tiltaket ut frå omsyn til friluftsliv, barn og unge og natur/miljøinteresser. Formannskapet valte i møte 04.05.20 å imøtekome motsegnet med fylgjande grunngjeving: *”Det må takast opp forhandlingar med fylkesmannen vedr. BAB12, massedeponi i Morkaåsen - med sikte på å oppnå semje kvar plassering av massedeponi i området Mork/Egset vil kunne godkjennast.»* I vedtaket vert det også vist til reguleringsplanen for E39 Volda-Furene (planomtalen kap. 6.14.5).

I reguleringsplan for E39 Volda-Furene står det i kap. 6.14.3:

«Saman med Volda og Ørsta kommunar har Statens vegvesen sett på ulike måtar å ta hand om tunnelmassene. Ein har vurdert områder både for permanent deponi og for mellombelse

lagringsområde, og også drøfta om det fins klarerte aktuelle utbyggingsprosjekt som kan nytte seg av massene.(...) Det er avklart med kommunane at det i utgangspunktet er to område som allereie er klarerte for slik bruk, og som kan vere aktuelle for massedeponi;

- eitt område nord for Helgehorntunnelen i Ørsta kommune, Vikaura*
- og eitt område like nord-aust for Rotsethorntunnelen i Volda kommune.»*

Vidare står det i kap. 6.14.5:

«Volda kommune er i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, der spørsmål om areal for massedeponi/massehandtering også er tema. Det er også i den samanheng lansert spørsmål om vidare etablering av utbyggingsareal i området Langemyra/Morkaåsen. Vert dette lagt til grunn i kommuneplan, vil det også kunne vere eit høgst aktuelt areal for massedeponi/massehandteringsareal for dei aktuelle tunnelmassene.»

Da BAB12 er teke ut av planen, er det opna for at område BKB24 i Morkabygda kan nyttast som massedeponi. Dersom formannskapet avgrensar eller tek ut BKB24, slik det vart kommentert over, vert det ikkje sett av areal til massedeponi i området Mork/Egset. Da vert Vikaura og Rotset truleg mest aktuelt for tunnelmassar, slik reguleringsplanen for E39 Volda-Furene skisserer. Alternativt kan ein vurdere KU BAB16 og KU BAB17 på nytt.

Formannskapet i Ørsta kommune har gjort eit vedtak tidlegare i år med eit ønskje om samarbeid med Volda kommune for å lage ein plan for framtidige masseuttak i regionen. Samarbeidet er ikkje kome i gang, men kan vere aktuelt å starte neste

år.

Merknader

I tillegg til motsegna har ein motteke om lag 170 merknadar/merknadspunkt til planen. Merknadene vart handsama av formannskapet i møte 10.11.2020. Der tok formannskapet stilling til kva merknader kommunen ville imøtekome og ikkje. Plandokumenta er oppdatert jf. vedtak.

Planomtale

Kapittel 2 tek for seg bakgrunn for planen, føringar og prosess.

Kapittel 3 inneheld drøftingar og vurderingar knytt til sju hovudtema. Kapitlet inneheld også utgreiningar av kva grep ein har gjort i arealdelen for å stette opp om mål og strategiar i planprogrammet og samfunnsdelen.

Kapittel 4 ROS og konsekvensutgreiing tek for seg metodane som er nytta i ROS og KU. ROS-analyse og konsekvensutgreinga i sin heilskap ligg som vedlegg.

Kapittel 5 gir ei oversikt over forslag til framtidig arealbruk, og kva føresegnar som er knytt til arealbruken. Kapitlet er delt inn etter arealformål og omsynssoner, og inneheld tabellar med forslag til ny og endra arealbruk.

ROS-analyse og konsekvensutgreiing

Samla ROS-analyse og konsekvensutgreiing er lagt som vedlegg.

Føresegner

Føresegner og retningslinjer er oppdatert etter tidlegare vedtak i formannskapet knytt til motsegn og merknader. Føresegnene er i tillegg gått gjennom på nytt av byggesaksavdelinga og andre i administrasjonen. Redigeringslogg for føresegnene er lagt ved som vedlegg 5.

Oppheving av kommunen sine parkeringsvedtekter

Kommunen sine parkeringsvedtekter (frå 2005) basert på plan- og bygningslova frå 1985 vert erstatta av føresegner i planen. Føresegner knytt til parkering står i føresegsdokumentet kap. 2.12.

Plankart og temakart

Plankart med arealformål og omsynssoner er oppdatert etter tidlegare vedtak i formannskapet knytt til motsegn og merknader.

Høyring og offentleg ettersyn

Planforslaget vert sendt på høyring og offentleg ettersyn i minst seks veker. Planforslaget vil leggest ut på kommunen sine heimesider. Plankartet (med arealformål og omsynssoner skilt i ulike lag) vil bli tilgjengeleg på kartportalen Kommunekart, under kartlaget «kommuneplanrullering»: <https://kommunekart.com/>

Vurdering og konklusjon:

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar plankart, temakart, føresegner, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing. Plandokumenta er oppdatert jf. tidlegare vedtak i formannskapet knytt til handsaming av motsegn og merknader.

Volda formannskapet vedtek at Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vert lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Er skildra i planforslaget.

Miljøkonsekvensar: Er skildra i planforslaget.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Er skildra i planforslaget.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
252/20	Formannskapet	08.12.2020

Feie og tilsynsgebyr for 2021

Samandrag:

Ein rår til at feie og tilsynsgebyr for 2021 følgjer same satser som i 2020.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek feie og tilsynsgebyret slik :

Gebyrsats	Eining	2021
A	Eit røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	690,-
B	Eit røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	495,-
C	Fleire røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	850,-
D	Fleire røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	610,-
E	Fresing av beksot (per pipe)	2000,-
F	Timesats *)	835,-

Alle summar eks mva.

Behovsprøvd tilsyn er inkludert i feiegebyret.

*) Vert nytta ved anna arbeid utanom lovpålagd feiing og tilsyn, til dømes kontroll av røykløp etter pipebrann, fabrikkpiper, ekstra feiing og andre tenester som ikkje er dekkja av det ordinære feie- og tilsynsgebyret.

Saksopplysningar:

Kommunen skal syte for at røykkanalar i fyringsanlegg blir feid ved behov på ein fagleg tilfredsstillande måte, og at det blir gjennomført tilsyn med slike fyringsanlegg jmf. forskrift om brannforebygging § 17 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg. For denne tenesta kan kommunen krevje gebyr etter sjølvskostprinsippet jmf. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver § 28. Gebyr m.m.

Vurdering og konklusjon:

Feie og tilsynsgebyret som vart vedteke i FELLESN- 48/19 blir gjort gjeldande også for 2021 utan endringar.

Gebysats	Eining	2021
A	Eit røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	690,-
B	Eit røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	495,-
C	Fleire røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	850,-
D	Fleire røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	610,-
E	Fresing av beksot (per pipe)	2000,-
F	Timesats *)	835,-

Alle summar eks mva.

Behovsprøvd tilsyn er inkludert i feiegebyret.

*) Vert nytta ved anna arbeid utanom lovpålagd feiing og tilsyn, til dømes kontroll av røykløp etter pipebrann, fabrikkpiper, ekstra feiing og andre tenester som ikkje er dekkja av det ordinære feie- og tilsynsgebyret.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
253/20	Formannskapet	08.12.2020

God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023

Samandrag:

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr Volda kommune å inngå God Helse-samarbeidsavtalen som utløyer eit årleg tilskot på kroner 150 000 til kommunen for perioden 2020-2023 med føresetnad om oppfølging av vilkår i avtalen og løyving på budsjett. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at Volda kommune bidreg med minimum tilsvarande eigeninnsats. Arbeidsavtalen med skildring av kommunen og fylkeskommunen sitt ansvar i avtaleperioden ligg vedlagt. Avtalen skildrar mellom anna avtalepartane sine ansvarsområde i folkehelsearbeidet som kommunen og fylkeskommunen er pålagt å utføre etter folkehelselova. Volda kommune har sidan 2004 vore med i God Helse-partnerskapet med Møre og Romsdal fylkeskommune. Denne samarbeidsavtalen er ei vidareføring av dette samarbeidet, men partnerskapsavtalen blir erstatta med ein samarbeidsavtale.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å vidareføre God Helse-samarbeidet med Møre og Romsdal fylkeskommune for 2020-2023. Videreføringa er innarbeid i budsjett og økonomiplan for perioden 2021-2024 der det i rammene til sektor for helse og omsorg er løyvd midlar til å oppfylle kommunen sitt beløp i dette arbeidet.

Vedlegg:

God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023

Vedlegg til God Helse samarbeidsavtale 2020-2023

Saksopplysningar:

Folkehelsearbeidet i kommunen skal gjennomførast i samsvar med folkehelselova. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale skilnader. Lova skal vidare sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter setter i verk tiltak og samordnar sin verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Loven skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Volda kommune har sidan 2004 hatt ein partnarskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune kjent som «God Helse-partnarskapet». Formålet med partnarskapet har vore å bidra til eit folkehelsearbeid som fremmer befolkninga si helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold og som førebygger psykiske og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Avtalen har utløyst eit årleg økonomisk bidrag frå fylkeskommunen på 125 000 kroner dersom ein har oppfylt krava i avtalen. Partnarskapsavtalen blei evaluert av Møreforskning i perioden mai 2018 til februar 2019 og i 2019 kom Møreforskning med rapporten «Evaluering av God Helse-partnarskapet i Møre og Romsdal». Rapporten foreslår nokre endringar i partnarskapsavtalen og Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr no kommunane i Møre og Romsdal å inngå ein ny God Helse-samarbeidsavtale.

Bakgrunnen for avtalen er at fylkeskommunen ønsker eit strategisk samarbeid med kommunane om å utvikle folkehelsearbeidet i fylket. Formålet med avtalen er å sikre ei god samordning av folkehelsearbeidet i fylket og følgje opp måla i den nasjonale, regionale og lokale folkehelsepolitikken. Den nye God Helse-samarbeidsavtalen omfattar mellom anna kommunen sitt ansvarsområde i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet og er lista opp i 14 punkt på side 3 i avtalen. I vedlegget til avtalen er det økonomiske tilskotet frå fylkeskommunen i tillegg til kommunen sine prioriterte arbeidsområder i perioden skildra. Avtalen skal forankrast politisk i kommunen og fylkeskommunen. Dersom ansvarsområde og arbeidsområder i samarbeidsavtalen er følgt opp, og med føresetnad om fortsatt løyving på budsjett, vil fylkeskommunen gi eit årleg tilskot til kommunen. Nivået på det økonomiske tilskotet er basert på innbyggartalet i kommunen, fordelt på tre nivå:

- Nivå 1 kr 125 000: under 10 000 innbyggjarar
- Nivå 2 kr 150 000: mellom 10 000 – 35 000 innbyggjarar
- Nivå 3 kr 175 000: over 35 000 innbyggjarar

Volda kommune har 10 471 innbyggjarar pr 01.01.2020 og er derfor på nivå 2.

Avtalen består av sjølve avtalen («God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023») og eit vedlegg til avtalen («Vedlegg til God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023»). Sjølve samarbeidsavtalen er lik for alle kommunane i Møre og Romsdal, medan vedlegget er unikt for kvar enkelt kommune. Tilskotet skal brukast til å finansiere arbeidet med ansvarsområde i punkt 3 og arbeidsområder for kommunen for avtaleperioden spesifisert i vedlegg 1, del 3. Det blir føresett at kommunen bidreg med minimum same beløp som fylkeskommunen til dette arbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren syner til formannskapet si innstilling til økonomi og budsjettplan 2021-2024 der det i rammene til sektor helse og omsorg er løyvd midlar til å oppfylle kommunen sitt beløp i dette arbeidet og tilrår inngåing av God Helse-samarbeidsavtalen 2020-2023.

Vi er i gang med utarbeiding av planstrategi der ein no koplar planarbeidet til FN berekraftmål. Folkehelse bør ha ei heilskapleg og tverrfagleg tilnærming der vi bør sjå dette inn mot prioritert berekraftsatsing.

Kommunedirektøren vil beklage at denne saka kjem så seint, og at vi heller ikkje har fått handsama saka breiare både i administrasjonen og i politiske utval. Det er viktig for å forankre folkehelsearbeidet godt i organisasjonen. Vi bør ta ein gjennomgang av prioritering og organisering av folkehelsearbeidet for å sikre at dette får tilstrekkeleg merksemd og uttelling.

Likestillingsmessige sider ved saka: Balanse mellom kjønn i høve demokratisk påverknad, deltaking i arbeidsmarknad og fordeling av ode og byrde har samanheng med folkehelse.

Konsekvensar for folkehelsa: Det er viktig å lykkast med folkehelsearbeide for å sikre berekrafta i samfunnet. Det å ha ei befolkning med god helse vil ha betydning for korleis kommunen skal kunne takle eit framtidig tenestetilbod for innbyggjarane.

Miljøkonsekvensar: Ivaretaking av miljøet er grunnleggjande for god folkehelse

Økonomiske konsekvensar: Utgifter til samarbeidet er allereie innarbeidd i helse og omsorg sitt budsjett. Kommunen sitt bidrag/kostnader vil først og fremst vere knytt til lønskostnader på eksisterande stillingar. Reperasjon som følgje av sjukdomar og svekka helse er ein av dei største kostnadene i dei offentlege budsjetta.

Beredskapsmessige konsekvensar: God folkehelse vil avlaste delar av samfunnsberedskapen.

Konsekvensar for barn og unge: Det er viktig med tidlig innsats for ei god folkehelse.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
254/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Busetting av flyktningar i 2021

Samandrag:

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) ber Volda kommune om å busette 30 flyktningar i 2020, derav 2 einslege mindreårige (EM) over 15 år. Pandemien gjer at oppmodingstalet er meir usikkert enn tidlegare år, og busettingstalet kan endre seg. Det vil i all hovudsak vere overføringsflyktningar (OFF) som skal busettast i 2021, noko som vil stille større krav til det kommunale mottaksapparatet. Ofte kjem store barnefamiliar som OFF. I snitt kjem årleg i tillegg 8-9 familiesameinte (FAM) til herbuande flyktningar. Mange av desse er også barnefamiliar. Volda kommune har auka press i tenestene, og då særleg innan helse og omsorg.

Kommunedirektøren meiner at tida no er inne for at vi gjer ei analyse av både styrken og utfordringane i tenestene, arbeidsmarknad, bustadmarknad og andre relevante forhold for å vurdere kva som er rett busettingsnivå i åra framover for å sikre økonomisk og sosial berekraft i Voldasamfunnet. Det vil vere utfordrande å skaffe nok bustader til busetting av barnefamiliar. Samstundes vert det meldt om kapasitet til å ta i mot barn i barnehage og grunnskule, og vaksne i norskopplæring og introduksjonsprogram (INTRO).

Kunnskapsdepartementet og KS er også i dialog om å evaluere oppmodingskriteriene, der det kan verte større vektlegging av dei kvalitative kriteriene som vil vere kopla til samfunnet si sosiale og økonomiske berekraft.

Som utfyllande informasjon til saka med aktuelle tabellar følgjer Faktaanalyse 2021 på busettings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune. Sjå vedlegg 1.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommunestyre er positiv til å busette 22 flyktningar i 2021, inkl. 2 EM. Ramma kan aukast med inntil 11 personar (2 familiar) frå 2020-kvota som er avtalt å busette i desember 2020, dersom desse får utsett innreise til 2021 grunna innreise-restriksjonar. Dvs. at kvota for 2021 kan aukast til inntil 33 flyktningar, inkl. 2 EM.
2. Det er ein føresetnad for busetting av EM at dei kan busettast av læringssenteret.
3. Kommunedirektøren disponerer plassane innafor vedtaket ut i frå busettingsbehov, kapasitet i tenestene og ramma av statlege finansieringsordningar for busetting og integrering av flyktningar og EM.
4. Auka inntekter og utgifter som følgje av busetting av fleire flyktningar vert å innarbeide i budsjettet for 2021. Auka inntekter skal reserverast tenester i flyktningarbeidet, og ev. avsetjast på disposisjonsfond til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt å vurdere

styrking av tenester og avsetjing på fond.

5. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningarbeidet i kommunane.

Vedlegg:

Faktaanalyse 2021 - på busettings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune
Anmodning om busetting 2021 - Volda kommune
Anmodningskriterier for 2021
Uttale frå NAV 27.11.2020 - Busetting av flyktningar

Andre relevante dokument:

Anmodning om busetting av flyktningar 2021 - Volda kommune

Saksopplysningar:*Oppmoding om busetting av flyktningar i 2021*

Prognoser viser at 5 030 flyktningar skal busettast i kommunane i 2021, inkludert 110 EM. Prognosane er usikre som følgje av at pandemien vil påverke mogelegheit for innreise av OFF. Basert på kriterier frå Kunnskapsdepartementet har IMDi oppmoda Volda kommune om å busette 30 flyktningar i 2021, inkl. 2 EM over 15 år. Resultat i INTRO over tid, samt mogelegheit for arbeid eller utdanning i kommunen/regionen er tillagt stor vekt. IMDi har fått innspel frå fylkeskommunen og KS i arbeidet med fordelinga mellom landets kommunar. Staten ber kommunane fatte vedtak i tråd med oppmodinga. Sjå vedlegg 2 og 3.

Oppmodinga har vore drøfta i administrativ leiargruppe, og kommunale tenester og NAV (vedlegg 4) har fått høve til å kome med uttale til saka. Innspela er teke omsyn til i utgreiinga.

Status busetting av flyktningar i Volda

I perioden 2010-2020 (pr. 01.12.2020) er det busett 312 flyktningar i Volda, inkl. 53 EM. Dette utgjer i snitt 28 flyktningar kvart år, derav i snitt 5 EM kvart år. I same periode har det i tillegg kome 94 på familiesameining (FAM), som utgjer eit snitt på 8-9 kvart år. Sjå tabell 3 og 4 i vedlegg: Faktaanalyse 2021. For oversikt over befolkningssamansettinga og innvandringsgrunn til Hornindal/Volda 2019-2020, sjå tabell 1 og 2 i faktaanalysen.

I samsvar med oppmodinga frå IMDi vedtok kommunestyret i PS 26/19, å busette 23 flyktningar i 2020 inkl. 2 EM. I brev av 01.09.2020 nedjusterte IMDi ramma frå 23 til 15 i 2020, m.a. grunna stans i innreise for OFF som følgje av covid-19. Det har sidan blitt opna for innreise og fleire OFF har blitt busett i kommunane. Det er søkt ut 19 flyktningar for busetting i Volda i 2020. 8 er busett pr. 01.12.2020, derav 1 barnefamilie (OFF). 3 einslege vaksne er busett frå asylmottak. 1 har status som EM, og kom til Volda saman med fostermor. Det er søkt ut 11 OFF (2 familiar) til kommunen med forventet ankomst i desember. Om desse ikkje kjem innan årsskiftet, vil IMDi telje dei på busettingsvedtaket for 2021. I framlegget til vedtak er det teke høgde for å inkludere ev. innreiseforseinking for desse. 11 av dei 19 som er busett/søkt ut, er barn under 18 år. 11 har kome på FAM til herbuande flyktningar i 2020, derav 6 barn.

Status og resultat i INTRO

I 2020 har 41 flyktningar delteke i INTRO. 19 har avslutta sine program: 3 med overgang til arbeid, 6 til utdanning, 8 til grunnskule og 1 til NAV-tiltak. Resultatet i 2020 er på 47%. Inkluderer ein grunnskule for vaksne er resultatet 89%. 11 har fått utvida sine program grunna koronasituasjonen og for å fullføre grunnskule som del av INTRO. Sjå tabell 5 i faktaanalysen for resultat i perioden 2016-2020. 70% er i arbeid eller utdanning 1-5 år etter INTRO. Dette er betre enn landsgjennomsnittet på 63%. Sjå tabell 7 i faktaanalysen.

Status økonomisk sosialhjelp og arbeidsledige

Volda har, som mange andre kommunar, opplevd auka utgifter til sosialhjelp siste åra, men har ein positiv nedgang i 2020 samanlikna med dei 2 siste åra. Dette kan m.a. tilskrивast færre flyktingar og FAM enn tidlegare år, som mottek slik yting fram til utbetaling av INTRO-stønad til mat, klede, bustad, møblar og utstyr. Store barnefamilier og einslege forsørgjarar har ofte behov for supplerande stønad i tillegg til INTRO-stønad, barnetrygd og bustønad. Sjå tabell 10 i faktaanalysen om utviklinga i sosialhjelp i Volda og Hornindal 2015-2020.

I 2019 har Volda 205 mottakarar av sosialhjelp, ei auke på 11 frå 2018. Mottakarane er ei ueinsarta gruppe. Mange har supplerande stønad i tillegg til anna inntekt: 32 har arbeidsinntekt som hovudinntektskjelde, 39 er INTRO-deltakarar og 7 i kvalifiseringsprogram. Sjå tabell 11 i faktaanalysen som viser utviklinga i mottakarar av sosialhjelp i Volda etter arbeidssituasjon 2015-2019.

Nasjonalt er det i dag 3,9% arbeidsledige i prosent av arbeidsstyrken. I Volda er talet 2,5 % eller 130 personar, ei nedgang på 5% frå førre månad. Arbeidsløysa i befolkninga utanom innvandrarak er 3,2% nasjonalt, medan den i Volda er på 2,8%. Det er 9,5% arbeidsløysa blant innvandrarak nasjonalt. I Volda er talet 7,6%. Auker i tal ledige kjem i stor grad som følgje av koronakrisa, som også har ramma arbeidslivet (NAV Møre og Romsdal 28.11.2020, Kommunal Rapport 11.11.2020).

Status rus og psykisk helseteneste

Siste 3 åra har det vore ei stor auke i tilvisingar på personar som får vedtak i rus og psykisk helseteneste. Frå 2016 til 2019 var auker på 95 brukarak, frå 239 til 334. Auker har skjedd jamt i perioden. Det er størst auke i psykisk helseteneste, frå 120 vedtak i året i 2016 til 171 i 2019. Det er også auka etterspurnad og press på rustenester, heildøgnsstilbod og lågterskeltilbod i same perioden. Etterspurnaden aukar i alle målgrupper, både personar med milde, moderate og alvorlege lidingar. Tal flyktingar med helsehjelp frå tenesta har gått ned siste 2 åra, men dei som får hjelp no er å definere i meir langvarig liding. Nokre få flyktingar bur i omsorgsbustad med bemanning ved helsehjelp.

Volda er vertskommune for fleire større institusjonar m.a. DPS, poliklinikk, høgskulen og barnevernsinstitusjonar, som gjer at presset på tenester er større enn samanliknbare kommunar. Som døme er 1 av 7 bebuarar i Myra bufellsskap «opprinneleg» frå Volda, dei andre er tilflyttarak. 40% med vedtak i tenesta er tilflyttarak. Ved same teljing for nokre år sidan var 37% tilflyttarak, dvs. at tal tilflyttarak er stabilt høgt. I byrjinga av 2020 var det nedgang i tilvisingar grunna covid-19 og nedstenging. Færre gjekk til lege og søkte helsehjelp. I haust har det vore ei massiv auke i tilvisingar til psykisk helseteneste, medan det i rustenesta er omvendt – som gjev like grunn til uro, då ein er kjend med utfordringar knytt til situasjonen i landet og auka rusbruk – spesielt i nokre ungdomsmiljø. Med stort press på allereie pressa tenester, og usikkerheit i kor lenge befolkninga må leve med strenge smitteverntiltak, gjer at ein er usikker på om tenesta klarer å levere forsvarlege helsetenester til alle som søker dette. Det vert arbeid med dreining av ressursar, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekkje auka etterspurnad i dag.

Status bustader og bustadsosialt arbeid

Volda har meir enn 80 kommunale gjennomgangsbustader, som vert tildelt vanskelegstilte etter gjeldande kriterium. I 25 av 30 familiebustader bur det

flyktningfamiliar. Mange har lang butid. I 10 av 31 hyblar/småbustader bur det flyktningar. Samla er over halvparten av dei som bur i kommunale bustader flyktningar. Læringssenteret lykkast i stor grad å finne bustad på den private leigemarknaden til nykomne einslege flyktningar, medan det ofte er behov for kommunal bustad til store familiar. Einslege som leiger privat bustad, søker ofte kommunal bustad ved familiesameining. Det er få større familiebustader på den private marknaden og husleiga er ofte høg. Det har vore stor etterspurnad etter bustader for familiar i nærleiken til Øyra skule. I dette området er det ikkje ledige familiehusvære no. Ved nye busettingar vil butilbodet vere i Nybråtet i Brattebergfeltet.

Det vert arbeidd med å sikre gjennomstrøyming i dei kommunale bustadene, men det er vanskeleg å finne eigna bustad for familiarne. Ved å halde fram arbeidet med at alle tenester driv bustadsosial oppfølging for sine grupper, halde fokus på gjennomstrøyming og vidare bustadkarriere, vil der erfaringsmessig vere tilgjengelege kommunale bustader for tildeling. Press på bustadene vil avhenge av om det vert busett familiar eller einslege, og tal FAM. Bumiljø i dei kommunale bustadene har vore tema over lang tid. Fleire kommunale bustader har hyblar nede og familiehusvære oppe, med felles inngang. Dette fører til at personar med ulike utfordringar vert buande tett på kvarandre. Sjølv om ein ved tildeling av bustad alltid tek ei vurdering på samansetting/bumiljø, og om busettinga er hensiktsmessig i høve dette, vert det ikkje alltid så heldig som ein skulle ønskje. Ein har siste tida opplevd behov for småhus/frittliggande bustader, som ligg noko skjerma med tanke på valdsrisiko. I dag er det også flyktningar som må vurderast for denne typen bustad. Eksisterande kommunal bustadmasse kan ikkje nyttast. Ein må arbeide vidare med korleis løyse dette. Dette er kostnadskrevjande tiltak og bustadbehov som vil vare i mange år.

Status Volda læringssenter

Volda læringssenter har kapasitet til å ivareta tilrådinga om busetting. For senteret er det av interesse at kommunen opprettheld eit stabilt og føreseieleg busettingnivå, slik at senteret er rett dimensjonert til å ivareta arbeidet med busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar. For låge busettingstal over tid vil utfordre senteret si mogelegheit til å behalde viktig kompetanse på området.

Status grunnskule

Skuleavdelinga er budd på å ta i mot dei elevane som måtte kome. Grunnskulen har erfaring frå å ta i mot barn av busette flyktningar, og dei utfordringane som måtte følgje vil bli søkt løyst slik dei tidlegare har blitt gjort. Viss det kjem elevar som skal gå i 10. klasse, vil dei få sitt tilbod ved Volda læringssenter slik praksis no er.

Status barnehage

Volda har ledige barnehageplassar komande barnehageår, men det er ikkje sikkert at familiarne får barnehageplass nær heimen i «sentrum». Når læringssenteret flyttar til Vikebygda skule vil situasjonen endre seg. Bratteberg barnehage blir då meir sentralt for flyktningfamiliarne, og kommunen vil kunne tilby plass til fleire av barna der.

Status barnevern

Når det i større grad er barnefamiliar som skal busettast er det viktig at tenester som helsestasjon, barnevern, barnehage og skule har dei naudsynte ressursane

dei treng for å ta i mot flyktningane på ein god måte. Kommunen har mykje kompetanse på feltet og det er viktig å halde fram med å busette flyktningar for å oppretthalde kompetansen. Det er krevjande og spanande å vere involvert i arbeidet med å hjelpe flyktningfamiliar, og det krev at tenestene er rusta til arbeidet.

Styrking av kommunale tenester

For at kommunale tenester skal kunne ta i mot flyktningar på ein god måte, må det gjerast vurderingar om tenestene har dei naudsynte ressursane dei treng til arbeidet. Rus og psykisk helseteneste viser til eit stort press i tenesta, samtidig som dei i har fått nedjustert budsjetttramma. Tal flyktningar har gått ned siste åra, men tenesta opplever auke i tilvisingar frå andre målgrupper. Nokre har behov for langvarige og kostnadskrevjande tiltak. Slik situasjonen er i dag med kutt på 0,5 årsverk, peikar tenesta på at dei ikkje kan tilby og yte forsvarlege helsetenester til nybusette. For å kome i møte behov som særleg gjeld språkopplæring er det ønskje om styrka ressursar til barnehagar ved busetting av flyktningbarn, for tidleg innsats og sikre ein god start i barnehagen. I budsjett og økonomiplan er det lagt inn reduksjon ved Volda læringssenter basert på busettingsnivået vi har i dag, og som vert tilrådd i 2021. Ved ev. busetting utover dette nivået må ein forvente å at ramma for deltaking i INTRO må aukast noko, som i budsjettframlegget er redusert med kr. 2 mill. Ramma til NAV og andre kommunale tenester er ikkje nedjustert som følge av færre flyktningar i 2021.

Vurdering og konklusjon:

Volda har busett flyktningar sidan 1987, og har lang erfaring og brei kompetanse i arbeidet med busetting og kvalifisering av flyktningar til eit sjølvstendig liv i Noreg. Voldasamfunnet er inkluderande, og flyktningar og andre tilflyttarar blir tatt godt i mot i lokalmiljø og arbeidsliv. Flyktningane utgjør ei ressurs og bidreg til å sikre befolkningsvekst i kommunen. I 2016 og 2017 bidrog kommunane på ein nasjonal dugnad i samband med flyktningkrisa, og det vart busett fleire flyktningar enn tidlegare år. Dei høge busettingsåra er løyst med stor arbeidsinnsats av dei tilsette. Samtidig har arbeidsbelastninga vore stor. Dei 3 siste åra har busettingsbehovet gått ned, og landets kommunar har fått færre flyktningar for busetting. Reduserte busettingsbehov har krev tilpassing av tenestene.

Det er viktig å sikte mot stabilitet og berekraftig utvikling på eit realistisk nivå, med omsyn til at flyktningane vert integrerte og sjølvhjelpne i samfunnet. Vi opplever auka press i tenestene, og då særleg innan helse og omsorg, der vi må vurdere kva som er rett busettingsnivå i åra framover for å sikre økonomisk og sosial berekraft for den einskilde og Voldasamfunnet. Vi må omstille og dreie ressursar til å takle ei aldrande befolkning og yte tenester på heilt nye måtar. Vi har store investeringsbehov og vert meir sårbare i drifta ved at ein stadig større del av inntektene går til renter og avdrag. Vi må sikre bufferar for å takle auka rente og svingingar i drifta, og vi vil vere mindre rusta til å ta auka risiko i tenestene. Vi må vere budde på at flyktningar har ein bakgrunn som tilseier at dei kan ha behov for særskilte tenester over ei lang periode. Det er lett å avgrense dette til integreringsperioden, og at vi undervurderer dette dersom vi får gode måltal på gjennomstrøyming i skuleløp og INTRO.

Det vil vere utfordrande å skaffe nok bustader til busetting av barnefamiliar. I tillegg er det høge bustadprisar i Volda sentrum, som gjer det vanskeleg for flyktningar og andre med låg inntekt å etablere seg i eigen bustad i sentrumsområdet. I 2020

hadde Husbanken ei eingongsordning med tilskot som skulle hjelpe låginntektsfamiliar å skaffe seg eigen bustad. Volda kommune tok initiativ til at 5 vanskelegstilte barnefamiliar i 2020 gjennom denne ordninga kunne etablere seg i eigen bustad etter mange års butid i kommunale bustader. Det er ledig kapasitet til å ta i mot barn i barnehage og grunnskule, og vaksne i norskopplæring og INTRO. Volda har ein arbeidsmarknad som rekrutterer høg kompetanse. Erfaringar frå kvalifiseringsprosjekt viser at samarbeid på tvers av kommunar, tenester og nivå, er essensielt for å kunne gi flyktningar best mogleg tilrettelagt kvalifiseringsløp som vil føre til varig arbeid, samt tett og godt samarbeid med lokalt næringsliv.

Kommunedirektøren er uroa over høge og aukande utgifter til sosialhjelp i Volda. Det vil vere krevjande å handtere aukande utgifter til sosialhjelp, samtidig som kommunen skal redusere driftsnivået dei komande åra. Realistiske løysingar er å redusere omfanget av finansiert velferd gjennom å auke arbeidsdeltakinga. Det er sett i verk tiltak for betre kunnskapen om årsaksforholda gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen. Målet er å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgjevande arbeid.

For å kunne oppretthalde eit høgt fagleg nivå og gi gode og differensierte kvalifiseringstilbod, må ein ha eit visst volum og tal flyktningar for busetting. For bratt nedtrapping av busettingsnivået er også uheldig for kommuneøkonomien, og vi kan risikere å få knappe ressursar til å gi eit godt nok tilbod til dei flyktningane som allereie er busett. Det er mange viktige moment som bør takast med i vurderinga om kva som er forsvarleg omfang på busetting av flyktningar, for å sikre framtidig økonomisk og sosial berekraft for den einskilde og Voldasamfunnet. Dette bør nærare utgreiast før ein legg fram tilsvarande sak neste år, m.a. knytt til vurderingar av den lokale arbeidsmarknaden, årsaksforholda til utviklinga i sosialhjelp, samanhengar mellom busetting av flyktningar, sosialhjelpsutviklinga og utviklinga i tenesta for rus og psykisk helse, og sjå dette opp mot andre kommunar.

Volda og Ørsta er integrerte samfunn som det er naturleg å sjå i samanheng. Utan ei nærare analyse kan ikkje kommunedirektøren sjå at Voldasamfunnet har større sosial og økonomisk berekraft til at vi årleg skal liggje på ca. 1/3 høgare nivå enn Ørsta på busetting av flyktningar. Kommunedirektøren vurderer det slik at Volda bør liggje på same busettingsnivå som Ørsta kommune på busetting av 22 flyktningar i 2021, inkl. 2 EM. Erfaringar tilseier at det i tillegg kjem 8-9 FAM til herbuande flyktningar kvart år. Samla vil Volda då ta i mot kring 30 flyktningar og FAM i 2021. Tilsvarande snitt dei tre siste åra er 28. Dette vil kunne vere eit nivå som sikrar at ein kan ta vare på den kompetansen som er opparbeidd på feltet i kommunen, og vil vere meir økonomisk og sosialt berekraftig nivå ut i frå kunnskapen vi i dag har om eit stort press i einskilde kommunale tenester. All framtidig flyktningbusetting skal skje gjennom Volda læringssenter.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Volda kommune skal tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov, og arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.

Konsekvensar for folkehelsa:

Ved å motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid, skal Volda ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.

Miljøkonsekvensar:

Eit godt busettings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:

Staten kompenserer kommunane for utgifter til busetting og integrering av flyktningar. Tilskota utgjer det økonomiske grunnlaget for kommunen sitt busettings- og integrerings-arbeid. I tillegg tel flyktningane med i rammetilskotet kommunen får for alle innbyggjarar som er folkeregistrert i Volda. Integreringstilskotet vert utløyrt for flyktningar og FAM dei 5 første åra etter busetting. Stortinget fastset kvart år nye satsar for tilskota. Integreringstilskotet i 2021 for ein einsleg vaksen (EV) utgjer kr 827 300 fordelt over 5 år. For vaksne i familiar og barn utgjer tilskotet kr 780 600, og for EM kr 773 300. EM-tilskotet på årsbasis for personar over 17 år utgjer kr 728 000.

Rapport frå [Beregningsutvalget for 2019](#) viser at kommunane fullt ut får dekt sine utgifter til busetting og integrering av flyktningar gjennom integreringstilskotet, medan norsktilskotet til opplæring av vaksne innvandrarak ikkje dekker utgiftene like godt. I 2019 fekk Volda [51,4 mill.](#) og Hornindal [2,3 mill.](#) i tilskot frå IMDi for busetting og integrering av flyktningar. Tilskota på totalt 53,7 mill. for begge kommunane er samansett av: 27,8 mill. i integreringstilskot, 16,8 mill. i EM-tilskot, 4,9 mill. i norsktilskot og 4 mill. i ekstratilskot (helse/åtfærd).

Kommunane har fått utbetalt [koronamidlar](#) til å dekke kostnader med utvida INTRO og norskopplæring. Midlane skal dempe negative konsekvensar av covid-19 og bidra til at fleire kjem og blir verande i arbeid. Volda har fått kr 576 500, som er avsett til føremålet.

I det administrative framlegget til budsjett for 2021 som ligg føre, er det teke høgde for busetting av 15 flyktningar i 2021, inkl. 1 EM, og ei inntekt på kr 21,5 mill. Ved busetting av 22, inkl. 2 EM i 2021 viser ny prognose at inntektene vil auke med 3,7 mill., til kr 25,2 mill.

Kommunen mottæk norsktilskot som går direkte inn i ramma til Volda læringsssenter, og for 2021 er det budsjettert med 2 mill. slikt tilskot. Tilskotet er basert på tal flyktningar og innvandrarak busett i Volda med rett til slik opplæring. Ved busetting av barn i barnehagealder vert det utløyrt eit barnehagetilskot på kr 26 600, som går direkte inn i ramma til barnehageavdelinga.

Volda er mellom dei kommunane i landet som er mest aktive på å søkje [tilskot](#) for busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtfærdsvanskar, som kan dekke ekstraordinære utgifter knytt til den einskilde sitt hjelpebehov. Tilskotet er øyremærka tiltak kring personen. Innvilga tilskot refunderast kommunale tenester som har kostnader med tiltak. [Tilskotet](#) opnar for mogelegheiter kommunen elles ikkje ville hatt til iverksetjing av tilpassa tenester, gjennom auka overføringar frå staten. Det er ei utfordring med lang sakshandsamingstid i IMDi, og at vi får svar på søknader 1-2 år etter at tiltaka er iverksett. Innvilga søknader utløyser store summer. I 2020 har Volda sendt inn 11 søknader for 8 personar, på tilsaman 7,8 mill.

Volda si kapasitet i tenesteytinga er tilpassa busetting av 140 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei 5-års periode. I 2010 vart avdelingane sine

rammer styrka som følgje av auka busetting på 40 flyktningar, frå 100 til 140 fordelt over 5 år i tilskotsperioden. Auka busetting har kravd styrking av tenester i flyktningarbeidet, og redusert busetting tilsvarande nedjustering av rammene, som t.d. i EM-tenesta i barnevernet, ved Volda læringssenter og i tenesta for rus og psykisk helse.

Auka inntekter som følgje av auka busetting i 2021 må reserverast tenestene til arbeidet med flyktningar. Det er viktig at vi ser heile livsløpet til flyktningane som innbyggjarar i Volda. Vi må sikre at vi kan gi dei gode tenester livet ut. Arbeidsmarknaden, buforhold og deira helse vil vere avgjerande for om dei kan skaffe seg utdanning og arbeid. På kort sikt vil vi få styrka økonomi. Det vi går i «overskot» med på kort sikt må avsetjast til disposisjonsfond til seinare bruk. Med den risikoeksponeringa vi har på høg lånegjeld og utfordringa i omsorgstenestene, er det stor risiko for at flyktningmidlar vi set av vil gå til andre formål.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen utover det som går fram av saka.

Konsekvensar for barn og unge:

Gjennom satsing på tidleg innsats, førebyggjande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule, skal barn og unge i Volda ha sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir høve til å oppleve meistring, og utvikle sine egne evner, interesser og sjølvbilete.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei.

Utskrift av endeleg vedtak:

KS [v/ nina.gran@ks.no](mailto:v/nina.gran@ks.no)

IMDi [v/ post@imdi.no](mailto:v/post@imdi.no)

Økonomisjefen

Oppvekstsjefen

Helse og omsorgssjefen

Barnevernsleiar

NAV-leiar

Avdelingsleiar helsestasjonen

Avdelingsleiar vaksenopplæring og integrering

Avdelingsleiar Eigedom

Avdelingsleiar Rus og psykisk helseteneste

Bustadkoordinator Forvaltningskontoret

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
255/20	Formannskapet	08.12.2020

CrossFit Volda - søknad om tilskot frå kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Samandrag:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsettjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Det er sett krav til søknadene. Kommunedirektøren vil tilrå at søknaden vert imøtekomen med kr. 250.000,-.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet løyver inntil kr. 250.000,- frå næringsfondet knytt til oppstart av CrossFit i Volda

Vilkår for løyvinga er at det vert innsendt prosjektrekneskap godkjent av autorisert rekneskapsfører innan 31.12.2021 og elles dei vilkåra som går fram av «tilsagnsbrevet».

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova §2 første ledd bokstav b, jf. bokstav a.

Vedlegg:

Søknad frå CrossFit Volda - Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19
Informasjonsbrev

Saksopplysningar:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsettjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Kven kan søkje om støtte?

Støtta kan verte gjeve til bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling.

Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet, der ein vektlegg betydinga for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Støtta til bedrifter må verte gjeve i tråd med regelverket om offentlig støtte og bedriftstøtta kan verte gjeve etter reglane om bagatellmessig støtte.

Bedrifter, etablerarar eller næringsaktørar skal vere registrert i Volda kommune.

Korleis søkje?

Søknad skal registrerast og sendast inn gjennom **regionalforvaltning.no**.

Vurdering av søknadar

I vurderinga av søknadane skal det leggjast særleg vekt på:

- tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
- tiltak som motverkar negative verknader av covid-19-utbrotet.
- tiltak som kjem raskt i gang.

«Samla tilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75 prosent.

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet.»

Volda kommune har lyst ut midlane i **lokalpressa,kommunen si heimeside og regionalportalen.no** m.a. den **22. august** med søknadsfrist **15. september**. I tillegg hadde kommunen ein omtale av saka i lokalpressa nokre dagar etter.

I utlysinga vart det også presisert at det, dersom det **er midlar igjen etter søknadsfristen**, er det laupande frist ut året.

I første utlysinga er ikkje alle midlane tildelt og ein handsamar difor nye innkomne søknader ut året I samsvar med utlysinga.

I samband med handsaminga av søknadene har kommunen samarbeidd med Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage som har kome med sine tilrådingar i tildelingssakene

Om søknaden:

Det er søkt om tilskot til etablering av CrossFit treningssenter i Volda.

Av søknaden går det fram kva CrossFit er :

CrossFit kan sammenlignes med å ha personlig trener i gruppe, som betyr god oppfølging og motivasjon samt man blir en del av et unikt miljø av inspirerende og hyggelige mennesker.

CrossFit er konstant varierte funksjonelle bevegelser utført med høy intensitet. Alle CrossFit økter er basert på funksjonelle bevegelser med de beste aspektene fra grener slik som gymnastikk, olympisk vektløfting, løping, roing, styrketrening m.m.

Det eksisterer ikkje noko slikt tilbod i Volda i dag. Det er heller ikkje eit slikt profesjonelt tilbod i Ørsta, noko som kan bidra til å styrke inntektsgrunnlaget for tiltaket. CrossFit er ei treningsform som krev særskild sertifisering, og søkjar har denne sertifiseringa. Søkjar har og lang praksis i å gje tilbodet.

Sunnmøre kulturnæringshage skriv i si tilråding d.s. 30.11.2020:

Søknadsnummer 2020-0020

Søkjar: Brynjarsdottir PT

Vurdering av Forretningsidè/mål og innhald med prosjektet

Det er søkt om tilskot til etablering av CrossFit treningssenter i Volda. Det eksisterer ikkje noko slikt tilbod i Volda i dag. Det er heller ikkje eit slikt profesjonelt tilbod i Ørsta, noko som kan bidra til å styrke inntektsgrunnlaget for tiltaket. CrossFit er ei treningsform som krev særskild sertifisering, og søkjar har denne sertifiseringa. Søkjar har og lang praksis i å gje tilbodet. Tiltaket er opplyst å skape 1 fulltidsstilling og 4 deltidsstillinger i Volda.

Vurdering av kostnadsplan og finansieringsplan

Om ein tek med delvis dekking av lønskostnader i det reelle opstartsåret 2021 er det søkt om 31,25 prosent tilskot på investeringane med oppstart hausten 2020 noko som er i tråd med føringane for tilskot frå kommunal- og moderniseringsdepartementet om tildelingar. Om ein held lønskostnaden i 2021 utanfor er det søkt om 50% tilskot på investeringa, som også er i tråd med føringane for tilskot frå kommunal- og moderniseringsdepartementet om tildelingar.

Tilråding

Sunnmøre Kulturnæringshage rår til at søknaden blir imøtekommen. Det bør i tildelinga stillast krav om oversending av prosjektrekneskap godkjent av autorisert rekneskapsfører innan 31.12.2021.

Volda næringsforum skriv i si tilråding d.s. 27.11.2020:

Brynjarsdottir PT, «CrossFit Volda»

søkt beløp kr. 250 000

Tilråding :

Søknad vert innvilga med kr. 250 000

Grunngjeving :

Etablering av ny aktivitet i eksisterande selskap. Prosjekt med helsefremjande effekt, auke i sysselsetjing og aktivitet i Volda.

God finansieringsplan med både lån i bank, egenkapital og eige arbeid.

Vi anser ikkje at tiltaket direkte motverkar utfordringar skapt av covid-19 utbrotet, men meiner elles at søknad tilfredsstiller krav i FOR-2020-06-30-1437 "Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet".

Vi tilrår søknaden innvilga med kr. 250 000

Tilråding er basert på ei vurdering av at prosjektet ikkje kvalifiserer til støtte frå Hoppid-midlane eller Innovasjon Norge.

Prosjektet vert tilrådd støtte under føresetnad av at selskapet og prosjektet får forretningsadresse og lokale i Volda kommune.

Det bør stillast krav om oversending av prosjektrekneskap godkjent av autorisert

rekneskapsfører innan 31.12.2021.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren syner til søknaden og tilrådingane ovanfor. Kommunedirektør har vurdert søknaden og samd i dei tilrådingane som er komne.

Eg har ikkje noko meir å tilføye saka og vil tilrå at søknaden vert imøtekomen med kr. 250.000,- og med dei vilkåra som går fram av vedtaket.

Konsekvensar for folkehelsa: Tiltaket kan ha ei positiv effekt på folkehelsa, og bidra til fleire arbeidsplassar i Volda.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen

Miljøkonsekvensar: ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen for kommunen

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
256/20	Formannskapet	08.12.2020

Galleri Bjørk - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Samandrag:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsettjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Det er sett krav til søknadene. Kommunedirektøren vil tilrå at søknaden vert avslått.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet syner til at søknaden frå Galleri Bjørk om tilskot til sanitæranlegg. Søknaden syner ei offentleg medfinansiering av sanitærbygget som overstig hovedregelen i retningslinjene for offentleg tilskotsandel til prosjektet.

Søknaden vert såleis avslått.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova §2 første ledd bokstav b, jf. bokstav a.

Vedlegg:

Søknad frå Galleri Bjørk om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Saksopplysningar:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Kven kan søkje om støtte?

Støtta kan verte gjeve til bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling.

Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet, der ein vektlegg betydinga for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Støtta til bedrifter må verte gjeve i tråd med regelverket om offentlig støtte og bedriftstøtta kan verte gjeve etter reglane om bagatellmessig støtte.

Bedrifter, etablerarar eller næringsaktørar skal vere registrert i Volda kommune.

Korleis søkje?

Søknad skal registrerast og sendast inn gjennom **regionalforvaltning.no**.

Vurdering av søknadar

I vurderinga av søknadane skal det leggjast særleg vekt på:

- tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
- tiltak som motverkar negative verknader av covid-19-utbrotet.
- tiltak som kjem raskt i gang.

«Samla tilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75 prosent.

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet.»

Volda kommune har lyst ut midlane i **lokalpressa,kommunen si heimeside og regionalportalen.no** m.a. den **22. august** med søknadsfrist **15. september**. I tillegg hadde kommunen ein omtale av saka i lokalpressa nokre dagar etter.

I utlysinga vart det også presisert at det, dersom det **er midlar igjen etter søknadsfristen**, er det laupande frist ut året.

I første utlysinga er ikkje alle midlane tildelt og ein handsamar difor nye innkomne

søknader ut året i samsvar med utlysinga.

I samband med handsaminga av søknadene har kommunen samarbeidd med Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage som har kome med sine tilrådingar i tildelingssakene

Om søknaden:

Bakketunet ynskjer å ta del i turistsatsinga i Hjørundfjorden. Då trengs det gode sanitærforhold. Søknaden går ut på etablere eit sanitærbygg i tilknytning til det gamle tunet.

Sunnmøre kulturnæringshage skriv i si tilråding d.s.17.11.2020:

Søkar: Sanitærbygg Bakketunet (Bjørke)

Vurdering av Forretningsidé / mål og innhold med prosjektet

Hjørundfjorden er eit område som er i utvikling for turisme, men har ikkje masseturisme som hovudmålgruppe. Grunngevinga for dette er diskusjonar om «people polution», som dette prosjektet faktisk er med å kompensere for. Gode sanitærforhold er avgjerande for tilreisande turistar, slik at ein ikkje får uheldige følger av store folkemengder.

Det er behov for offentleg toalett i eit turistområde, og lokaliseringa av dette er eit politisk spørsmål. Prosjektet på Bakketunet skriv ikkje i søknaden at dei vil ha rolla som offentleg toalett i den lokale geografien.

Vurdering av Kostnadsplan og finansieringsplan

Det er søkt om 36,3% prosent tilskot frå næringsfondet til Volda kommune, og 31,1% tilskot frå andre offentlege aktørar. Dette gir offentlege aktørar ein andel på 67,4% av investeringskostnadane, som er over anbefalt grense for offentleg tilskot – men under maksimalgrensa på 75%.

Tilråding

Sidan behovet for offentleg støtte er over 50% er tilrådinga negativ.

Volda næringsforum skriv i si tilråding d.s. 27.11.2020:

Tilråding :

Søknad vert avslått

Grunngeving :

Det er brukt feil org.nr i søknaden, men vi anser dette å vere uvesentleg i forhold til vurdering av søknaden.

Volda Næringsforum vurderer det slik at finansieringsplanen i søknaden ikkje er i tråd med forskrift om tilskot til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbrotet. Prosjektet har etter det vi forstår kvalifisert til støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Finansieringsplanen syner samla 67% finansiering frå offentlege tilskotsordningar.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren syner til søknaden og tilrådingane ovanfor. Slik ein les søknaden har prosjektet fått støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Finansieringsplanen syner samla 67% finansiering frå offentlege tilskotsordningar. Dette er ein større del offentleg deltaking enn det som er tilrådd gjennom

retningslinjene.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen for kommunen

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
257/20	Formannskapet	08.12.2020
	Kommunestyret	

Retningslinjer for bruken av kraftfondet og næringsfondet.

Samandrag:

I samband med kommunesamanslåinga har kommunedirektøren varsla om at han i løpet av 2020 vil legge fram sak om retningslinjer for bruken av Næringsfond og kraftfond.

I gamle Volda kommune vart retningslinjene for næringsfond og kraftfond sist reviderte i desember 2016 (jfr. P.S sak 174/16)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret stadfestar vedlagde vedtekter for kraftfondet i Volda kommune.

Kommunestyret vedtek at tildeling av midlar frå kraftfondet skal skje i samsvar med vedlagde «retningslinjer for tildeling av tilskot frå kraftfondet i Volda.»

Vedlegg:

Vedtekter for bruk og forvaltning av Næringsfond i Volda kommune (Kraftfondet)
Retningslinjer for tildeling av tilskot frå kraftfondet i Volda

Saksopplysningar:

I samband med kommunesamanslåinga har kommunedirektøren varsla om at han i løpet av 2020 vil legge fram sak om retningslinjer for bruken av Næringsfond og kraftfond.

I gamle Volda kommune vart retningslinjene for næringsfond og kraftfond sist reviderte i desember 2016 (jfr. P.S sak 174/16)

Hornindal og Volda kommune har hatt to typar næringsfond.

1. Kommunalt næringsfond (kraftfond)
2. Næringsfond med midlar frå fylkeskommune (**statsmidlar**)

Då ein har stått noko friare i bruken av dei kommunale kraftfonda har Volda kommune valt å ha fonda som to separate fond. Det same har Hornindal kommune gjort, men har nytta alle midlane i løpet av påkomande år.

Ved årsskiftet 2019/2020 var status på kraftfondet i Volda kr. 1.753.142,-, næringsfondet i Volda kr. 199.170,- og næringsfondet i Hornindal kr. 614.711,-. Der er i 2019 gjort vedtak om løyving frå alle desse tre fonda som ennå ikkje er kome til utbetaling, men der tilsagnet gjeld fram i tid.

Frå desse fonda kunne det søkjast om midlar til næringsføremål generelt og vedtektene for næringsfond-kraft vart reviderte, jfr. *vedlegg 1*.

Næringsfond frå fylkeskommunen

Næringsfondet med midlar frå fylkeskommunen var tidlegare definert som ei eiga ordning som fekk øymerka midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette er det slutt på, men fylkeskommunane står fritt til å gje kommunane påfyll til dei kommunale næringsfonda, frå ramma for regionale utviklingsmidlar, kap. 551 post 60.

Hornindal kommune har fått slike midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan Volda kommune ikkje har fått slike midlar sidan 2013.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke eigne retningslinjer for kommunale næringsfond. I tildelinga frå fylkeskommunen (jfr. skriv d.s. 01.03.2016 går det fram at;

"Kommunar med konsesjonsinntekter frå kraftindustrien kan bruke desse til næringsutviklingsformål. Kommunar med kraftfond får ikkje tildelt næringsfond frå fylkeskommunen. Dette gjeld Volda, Ørsta, Norddal, Rauma, Nesset, Sunndal, SurnadaL og Rindal."

I samband med koronapandemien har kommunen i år fått ekstra midlar frå fylket/stat til fordeling. Viser til eigne saker om det.

I praksis har vi i normalsituasjon dag såleis berre eitt næringsfond-**kraftfondet**. Om det vil kome nye midlar til dette fondet veit ein pr. i dag ikkje.

Kraftfondet.

Kommunen står også noko friare i bruken av midlane frå kraftfondet, då det i dei generelle retningslinjene står at "*Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak.*" I fleire år har det i Volda vorte

gjewe støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då kommunestyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/ omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande. På same måte har konsesjonsavgiftene i Hornindal blitt nytta til fellestiltak.

Det har siste åra i tillegg vore nytta midlar frå kraftfondet til Volda næringsforum og til delfinansering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage gjennom HoppID-avtale.

I 2020 har Volda kommune også i to høve nytta kraftfondet til hjelp for bønder til å finansiere kjøp av geitemjølkekvotar.

Som eg har skrive innleiingsvis er det ikkje lenge sidan retningslinjene for næringsfonda i gamle Volda kommune vart reviderte (des. 2016). Kraftfondet i gamle Hornindal kommune, på i underkant av kr 300.000,- har i praksis gått inn kommunebudsjettet og finansierte næringstiltak der.

I påvente av denne saka har kommunestyret også for 2020 nytta disponerte midlane i samsvar med vedtak i budsjettet for 2020.

Årleg tilvekst på kraftfondet er i nye Volda før grensejusteringa med Bjørke på om lag 1.050.000,- med tillegg av renter. Etter grensejusteringa med Bjørke og Viddal vil denne summen truleg auke. Tidspunktet for når det skjer er i skrivande stund ennå uklart.

I samband med denne saka har kommunen bede om innspel frå Volda Næringsforum, Hornindal næringslag og Sunnmøre kulturnæringshage. Vi har så langt ein har registrert, ikkje motteke innspel frå nokon av desse partane.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren ser ingen grunn til å endre sjølve vedtektene for **kraftfondet**. Vedtektene er oversiktlege og gjev klare rammer for fondet. Eg legg difor ved vedtektene til kraftfondet i (gamle) Volda og ber det nye kommunestyret stadfeste dei.

Kommunedirektøren har med bakgrunn i vedtektene, tidlegare retningslinjer og rammer, samt politiske drøftingar, utarbeidd framlegg til prioritering for tildeling av tilskot frå kraftfondet.

I framlegget har ein i pkt. 1 vidareført løyvingane til Sunnmøre kulturnæringshage gjennom «Hoppid satsinga» og Volda Næringsforum.

Likeeins har ein vidareført løyvingane totalt til festivalane som har vore og auka denne potten noko i høve til tidlegare. Kommunedirektøren legg vekt på den flotte marknadsføringa av regionen som fleire av desse festivalane gjer både på førehand og gjennom dei dagane festivalane varer. Fleire av festivalane har vakse vesentleg sidan oppstart og den økonomiske risikoen tilsvarande. Festivalen inngår vidare i ein heilskap av marknadsføring av musikk, språkkultur, film, friluft- og sportsaktivitetar i regionen som har ringverknader for reiselivet og attraktiviteten av område vårt. Dette er og med på å styrke næringslivet i kommunen vår.

Formannskapet i Volda har tidlegare drøfta om ordførar i påkomande tilfelle bør ha

fullmakt til å kunne nytte nokre midlar til tiltak som skulle kome på, t.d. marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv. Eg rår til at det vert sett av kr. 100.000,- til dette.

Den resterande delen av det årlege fondet vert handsama individuelt etter utlysing.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Då midlane kjem frå konsesjonsavgifter og akastning på desse midlane har tildelinga ikkje konsekvens for kommunen sin økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomistaben

AM for utlysing

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
258/20	Formannskapet	08.12.2020

Bazpoint Volda - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Samandrag:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsettjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Det er sett krav til søknadene. Kommunedirektøren vil tilrå at søknaden vert avslått.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet syner til at bedrifta i 2019 fekk tildelt offentleg tilskot gjennom Innovasjon Norge og at det i retningslinjene for dei omsøkte midlane er peika på at tildeling av midlar må samordnast med andre støtteordningar. Søknaden vert såleis avslått.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova §2 første ledd bokstav b, jf. bokstav a.

Vedlegg:

Søknad frå Bazpoint Volda om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19
Handlingsplan Fyrlyktprosjektet Volda

Saksopplysningar:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Kven kan søkje om støtte?

Støtta kan verte gjeve til bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling.

Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet, der ein vektlegg betydinga for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Støtta til bedrifter må verte gjeve i tråd med regelverket om offentlig støtte og bedriftstøtta kan verte gjeve etter reglane om bagatellmessig støtte.

Bedrifter, etablerarar eller næringsaktørar skal vere registrert i Volda kommune.

Korleis søkje?

Søknad skal registrerast og sendast inn gjennom **regionalforvaltning.no**.

Vurdering av søknadar

I vurderinga av søknadane skal det leggjast særleg vekt på:

- tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
- tiltak som motverkar negative verknader av covid-19-utbrotet.
- tiltak som kjem raskt i gang.

«Samla tilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75 prosent.

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet.»

Volda kommune har lyst ut midlane i **lokalpressa,kommunen si heimeside og regionalportalen.no** m.a. den **22. august** med søknadsfrist **15. september**. I tillegg hadde kommunen ein omtale av saka i lokalpressa nokre dagar etter.

I utlysinga vart det også presisert at det, dersom det **er midlar igjen etter søknadsfristen**, er det laupande frist ut året.

I første utlysinga er ikkje alle midlane tildelt og ein handsamar difor nye innkomne

søknader ut året i samsvar med utlysinga.

I samband med handsaminga av søknadene har kommunen samarbeidd med Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage som har kome med sine tilrådingar i tildelingssakene

Om søknaden:

Søkjaren ynskjer å vidareutvikle Bazpoint Volda AS til ein marknadsplass for direktehandel mellom produsenter og privatkundar. Søkjaren ynskjer vidare å stimulere til lokalmatproduksjon, og bygge opp lokalt marknad

Sunnmøre kulturnæringshage skriv i si tilråding d.s.17.11.2020:

Vurdering av Forretningsidé / mål og innhold med prosjektet

Søknaden om «utvikling av marknadsplass», «stimulering til lokalmatproduksjon», og «bygge opp lokalt marknad» har ingen konkretiseringar i søknaden, eller vedlegg til søknaden. Slik det går fram av søknaden er prosjektets fokus administrativt arbeid, salsarbeid og kanskje marknadsføring. Det er ingen endringar i konsept, utvikling av system. Det er nemnt med ei setning i søknaden at ein vil utvikle eit nytt distribusjonssystem for heimelevering, men at forutsetninga for dette er endra forbrukaråtfærd. Formålet er greitt i seg sjølv, men det er usikkert for tilskotsgevar å vite korleis midlane skal nyttast.

Prosjektet har fått tildelt kommersialiseringstilskot frå Innovasjon Noreg tidlegare, og då burde grunnlaget for ein søknad til kommunalt næringsfond vore konkretisert betre.

Vurdering av Kostnadsplan og finansieringsplan

Det er søkt om 50 prosent tilskot på investeringane med oppstart hausten 2020 noko som er i tråd med føringane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om tildelingar. Prosjektet har tidlegare fått tildelt 500.000,- i kommersialiseringstilskot frå Innovasjon Noreg. Den samla offentlege støtta vil då nå ein andel på 169%.

Tilråding

Tilrådinga er negativ.

Volda næringsforum skriv i si tilråding d.s. 27.11.2020:

Tilråding :

Søknad vert avslått

Grunngjeving :

Volda Næringsforum vurderer det slik at prosjektet og finansieringsplanen i søknaden ikkje er i tråd med forskrift om tilskot til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbrotet.

Selskapet har tidlegare fått støtte frå Innovasjon Norge, og vi vurderer det sannsynleg at prosjektet og beskriving i kostnadsplan vil vere mykje samfallande med prosjektet som allereie er støtta frå Innovasjon Norge.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren syner til søknaden og tilrådingane ovanfor. Det er vanskeleg å sjå at dette prosjektet skil seg vesentleg ut frå det prosjektet som søkjar tidlegare har fått støtte frå Innovasjon Norge på. Det går fram av dei sentrale retningslinjene for desse midlane vert vurdert opp mot andre støtteordningar og at midlane ikkje

“konkurrerer” med disse. Ut frå tilrådingabne ovanfor og retningslinjene fortildeling vil kommunedirektør tilrå at søknaden vert avslått.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Positiv

Økonomiske konsekvensar: Ingen for kommunen

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
259/20	Formannskapet	08.12.2020

Sunnmøre MC service AS - søknad om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Samandrag:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsettjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Det er sett krav til søknadene. Kommunedirektøren vil tilrå at søknaden vert imøtekomen med kr. 390.000,-

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet løyver inntil kr. 390.000,- frå næringsfondet til investeringar i samband med oppstart av MC verkstad i Volda.

Vilkår for løyvinga er at det vert innsendt prosjektrekneskap godkjent av autorisert rekneskapsfører innan 31.12.2021 og elles dei vilkåra som går fram av «tilsagnsbrevet».

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova §2 første ledd bokstav b, jf. bokstav a.

Vedlegg:

Søknad frå Sunnmøre MC service AS om støtte frå støtteordning Kommunalt næringsfond 2020 - Covid-19

Saksopplysningar:

Volda kommune har fått tildelt midlar til kommunalt næringsfond som fylgje av utfordringane for næringslivet knytt til Covid-19.

Midlane skal setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Kven kan søkje om støtte?

Støtta kan verte gjeve til bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling.

Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet, der ein vektlegg betydinga for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Støtta til bedrifter må verte gjeve i tråd med regelverket om offentlig støtte og bedriftstøtta kan verte gjeve etter reglane om bagatellmessig støtte.

Bedrifter, etablerarar eller næringsaktørar skal vere registrert i Volda kommune.

Korleis søkje?

Søknad skal registrerast og sendast inn gjennom **regionalforvaltning.no**.

Vurdering av søknadar

I vurderinga av søknadane skal det leggjast særleg vekt på:

- tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
- tiltak som motverkar negative verknader av covid-19-utbrotet.
- tiltak som kjem raskt i gang.

«Samla tilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75 prosent.

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet.»

Volda kommune har lyst ut midlane i **lokalpressa,kommunen si heimeside og regionalportalen.no** m.a. den **22. august** med søknadsfrist **15. september**. I tillegg hadde kommunen ein omtale av saka i lokalpressa nokre dagar etter.

I utlysinga vart det også presisert at det, dersom det **er midlar igjen etter søknadsfristen**, er det laupande frist ut året.

I første utlysinga er ikkje alle midlane tildelt og ein handsamar difor nye innkomne søknader ut året I samsvar med utlysinga.

I samband med handsaminga av søknadene har kommunen samarbeidd med Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage som har kome med sine tilrådingar i tildelingssakene

Om søknaden:

Det vert søkt om midlar til starte MC verkstad i Volda. Gjennom behovskartlegging meiner søkjaren at det er marknad for oppstart og drift. Det vert søkt om midlar til innkjøp av verktøy og utstyr, samt oppussing av lokal.

Sunnmøre kulturnæringshage skriv i si tilråding d.s.17.11.2020:

Vurdering av Forretningsidé / mål og innhold med prosjektet

Slik Sunnmøre kulturnæringshage AS kjenner til forholda rundt konkurransen til MC Deler, var dette ikkje relatert til svikt i marknaden. Søkar sin behovskartlegging er nok i tråd med marknadens behov. Eit særleg viktig element i søknaden er at søkar alt eiger eigen bygning som drifta skal haldast i. Dette er ofte eit avgjerande økonomisk punkt i slik forretningsdrift. Prosjektet er også ei generisk utviding av eksisterande forretningsområde, og her er det overlappende interesser som blir dekt inn. Grunnlaget for fleire arbeidsplassar er høg, utan at dette er spesifisert i søknaden.

Søknaden blir vurdert som positiv for framtidig økonomisk inntening, der tilskotet frå Volda kommune er avgjerande for realiseringa.

Vurdering av Kostnadsplan og finansieringsplan

Det er søkt om 400.000,- som utgjør 44,4% prosent av kapitalbehovet til prosjektet, med oppstart hausten 2020. Dette er i tråd med føringane frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet om tildelingar. Søkar tek også eigen risiko med lån i bank, og innskot av egenkapital.

Tilråding

Med bakgrunn i potensialet for nye stillingar i selskapet rår vi til at søknaden blir innvilga med utbetaling av kr 400.000,- Det bør i tildelinga stillast krav om oversending av prosjektrekneskap godkjend av autorisert rekneskapsfører innan 31.12.2021.

Volda næringsforum skriv i si tilråding d.s. 27.11.2020:

Tilråding :

Søknad vert innvilga med kr. 390 000

Grunngjeving :

Nyetablert selskap. Vi anser selskapet å ha eit potensiale for sysselsetjing i Volda, og aktørane kjenne truleg potensialet og marknaden godt. Selskapet er del-eigd av lokal aktør med lang erfaring frå næringsverksemd.

God finansieringsplan med både lån i bank, egenkapital og eige arbeid. Vi anser ikkje at tiltaket direkte motverkar utfordringar skapt av covid-19 utbrotet, men meiner elles at søknad tilfredsstiller krav i FOR-2020-06-30-1437 "Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet".

Vi tilrår søknaden innvilga, men justerer beløp til 390 000 etter ei vurdering av disponible midlar i fondet.

Tilråding er basert på ei vurdering av at prosjektet ikkje kvalifiserer til støtte frå Hoppid-midlane eller Innovasjon Norge.

Prosjektet vert tilrådd støtte under føresetnad av at selskapet og prosjektet får forretningsadresse og lokale i Markvegen 2 eller anna adresse i Volda kommune.

Det bør stillast krav om oversending av prosjektrekneskap godkjent av autorisert rekneskapsfører eller revisor innan 31.12.2021.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren syner til søknaden og tilrådingane ovanfor. Søknaden er etter kommunedirektøren sitt syn innanfor retningslinjene for fondet. Det vert synt til at søkjar har lang røynsle frå næringsverksemd i Volda og kjenner potensialet for marknaden godt. Kommunedirektør er samd i vurderinga frå Volda næringsforum om at "...anser ikkje at tiltaket direkte motverkar utfordringar skapt av covid-19 utbrotet, men meiner elles at søknad tilfredsstiller krav i FOR-2020-06-30-1437 "Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet".

Kommunedirektør vil tilrå søknaden slik den lik føre.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør

